



Årsrapport 2025

Giske Kommune



Utsikt - Godøy og Breisundet

Foto: Ann Kristin Thu

Kommunedirektøren har ordet

Kommunedirektøren sin kommentar

Årsmeldinga for 2025 viser at Giske kommune har gjennomført eit år med gode resultat, både økonomisk og i utviklinga av kommunale tenester. Kommunen har oppnådd eit solid driftsresultat og vist evne til god økonomistyring i tråd med gjeldande rammer og politiske prioriteringar. Den positive økonomiske utviklinga styrkjer kommunen si evne til omstilling, langsiktig planlegging og berekraftig tenesteyting.

I 2025 har kommunen vidareført og styrkt arbeidet med kvalitetsutvikling innan sentrale tenesteområde. Dette gjeld både innan alle dei tre sektorane. Gjennom systematisk utviklingsarbeid og målretta ressursbruk har kommunen lagt til rette for betre tenesteflyt, meir brukarretta løysingar og auka effektivitet i tenesteproduksjonen.

Det er særleg positivt at kommunen har klart å kombinere økonomisk kontroll med vidareutvikling av tenestetilbodet. Dette har vore mogleg takka vere høg fagleg kompetanse blant tilsette, god samhandling mellom administrasjon og politisk nivå, samt konstruktivt samarbeid med frivillig sektor og lokalt næringsliv.

Eg vil takke alle medarbeidarar for deira innsats og profesjonalitet gjennom året. Det er òg grunn til å rette ei takk til folkevalde for godt samarbeid og føreseielege prioriteringar i ei tid der kommunesektoren står overfor både auka forventningar og krevjande rammevilkår.

Årsmeldinga for 2025 dokumenterer at Giske kommune står sterkare og er godt rusta for framtida. Administrasjonen vil halde fram arbeidet med å vidareutvikle tenestene, sikre økonomisk berekraft og legge grunnlag for ei positiv samfunnsutvikling til beste for innbyggjarane.

Kommunedirektøren

Kommunen sine tenesteområde

POLITISK STYRING

Beskriving av tenesteområde

Rammeområde 1 Politisk styring omfattar tenestene1000 – 1070 som er kommunestyre, politiske utval, formannskap, diverse rådsorgan, stønad til politiske parti, revisjon og kontrollutval, samt finansiering av kommuneval og stortingval.

Utvalde resultat

Oppfølging av kommunestyrevedtak:

Giske kommunestyre behandla i alt 119 saker i 2025, av desse har 29 saker status ikkje ferdigstilt..

Saker	Møte 2025	Saker 2025	Møte 2024	Saker 2024
Kommunestyret	9	119	7	120
Formannskapet	17	131	14	140
Næringsutvalet	2	7	4	17
Landbruksnemnda	0	0	3	8
Teknisk utval	8	64	9	81
Livsløpsutvalet	6	43	6	62
Eldrerådet	4	21	4	22
Råd for menneske med funksjons-nedsetting	4	22	5	24
Viltnemnda	0	0	3	15
Valstyret (kun i valår)	2	6	0	0

Giske Ungdomsråd	4	23	5	23
Klagenemnd	2	4	2	4

Status økonomi per teneste

Beløp i 1000

Teneste	Rekneskap 2024	Opph. bud. 2025	Revidert budsjett 2025	Rekneskap 2025	Avvik i kr
			Rev. bud.	Rekneskap	
KOMMUNESTYRE OG FORMANNSKAP	3 324	3 717	3 717	4 094	-377
POLITISKE KOMITEAR	280	276	276	219	57
DIVERSE UTVAL/STYRE/RÅD	211	527	527	175	353
ELDRERÅD	41	44	44	26	18
ØKONOMISK STØNAD TIL POLITISKE PARTI	53	50	50	45	5
KOMMUNEREVISJONEN - KONTROLLUTVAL	1 424	1 493	1 493	1 615	-122
STORTINGS- OG KOMMUNEVAL	0	471	471	413	58
Sum	5 333	6 578	6 578	6 587	-9

Kommentar til status økonomi

Driftsrekneskap for Politisk styring og kontrollorgan gikk om lag i balanse.

Meirforbruk på ei teneste vert javna ut av mindreforbruk på andre tenester.

KOSTRA Nøkkeltal

	Giske 2022	Giske 2023	Giske 2024	Giske 2025	Kostragruppe 01
- Prioritet	-	-	-	-	-
➤ Netto driftsutgifter per innbygger (100) politisk styring (B) **) <i>i</i>	324	427	382	480	489
➤ Netto driftsutgifter per innbygger (110) kontroll og revisjon (B) **) <i>i</i>	147	172	154	170	164

**) Justert for utgiftsbehov

Indikatoren viser kor mykje av dei totale utgiftene som vert brukt til politisk styring og kontrollorgan. Data er vist i kroner per innbygger. Utgifter knytt til eldreråd høyrer til kostrafunksjon 180 og er ikkje med i KOSTRA - oversikta.

Giske kommune brukar mindre til politisk styring enn samanligningskommunana. Ein ser at dei åra det er val vert det naturleg nok brukt meir enn i år utan val.

Utgifter til kontroll og revisjon har stor variasjon og ligg i 2025 over snittet for samanligningskommunane. Den store variasjonen mellom åra kan kome av fleire store forvaltningsrevisjonar, og variasjon av attestasjonsoppdrag og meir arbeid i ordinær revisjon.

Status økonomiplantiltak

Rammeendringar i økonomiplanen

Beløp i 1000

Tiltak	Ramme år 1	Status	Beskriving
Nye tiltak	465		
RAMME 1 Val 2025 og 2027	465	Ferdig	Tiltaket er innarbeidd i budsjettet. Stortingsval vart gjennomført 8.9.2025

Politisk vedtak	650		
Formannskap: Avsatt midlar til formannskapet sin disposisjon.	150	Ferdig	Tiltaket er innarbeidd i budsjettet og må sjåast i samanheng med kommunestyret sitt vedtak om auke i ramme til frivilligheit/kulturføremål der det er utbetalt kr 443 400.
K.styret. Auke ramme til frivillihet/kulturføremål	500	Ferdig	Tiltaket er innarbeidd i budsjettet. Til formannskapet sin disposisjon og midlar skal delast ut derfrå. Det vart delt ut kr 443 400 til ulike tiltak i 2025.
Sum tiltak	1 115		

KOMMUNE LEIING - STAB

Beskriving av tenesteområde

Rammeområde 2 er delt mellom reine stabstenester og driftstenester. Det vert lagt vekt på digitalisering, samhandling og koordinering av oppgåver for å oppnå meir effektiv drift. Ny eining Fellestenester/stab vart oppretta 1. januar 2025. Økonomi, HR/personal, grunnkjøp, juristar og IT/IKT vart samla til ei eining.

Kommuneleiing og stab omhandlar tenesteområda 1200 – 1270 (kostrafunksjon 120) som er kommunedirektør, kommunalsjefar og stabsfunksjonar, i tillegg kjem driftetenester, desse er i hovudsak knytt til einingane Fellestenester/stab og Samhandling og koordinering.

Staben skal levere tidsrette støttefunksjonar i samsvar med krav og forventningar som er stilt til kommunen si kjerneverksemd og strategiske satsingar. Arbeidsoppgåver er blant anna planlegging, støtte, oppfølging og styring. Dette omfattar blant anna oppgåver knytt til kvalitet og internkontroll, beredskap, fellesfunksjonar, økonomiforvaltning, arbeidsgivarpolitikk, løn og personalforvaltning.

Kommuneleiinga skal saman med resten av staben tilretteleggje for politiske og administrative avgjerdsprosessar, verksemdstyring, analyse og utgreiingsarbeid. Det næringsretta arbeidet til kommunen samt etableringsstøtte/hoppid blir også fulgt opp her. I tillegg kjem oppfølging av avtale om kjøp av IKT og brukarstøtte frå eKommune samarbeidet.

Overordna mål

- Framhaldande fokus på og oppfølging av systematisk HMS arbeid
- Sjukefråversarbeid frå A - Å i samarbeid med NAV og Bedriftshelsetenesta (BHT).
- Styrking av leiarkompetanse på budsjett- og økonomisk styring. Opplæring i Framsikt av nye leiarar.
- Framhaldande fokus på kvalitet og internkontroll.
- Framhaldande fokus på beredskapsarbeid.

Utvalde resultat

- Levere lovpålagde tenester innanfor tilgjengelege økonomiske rammer.
- Etablere effektiv organisering, støtte og tenestenivå som er tilpassa bemanning og trange økonomiske rammer.
 - Dette inneber blant anna tydeleg prioritering mellom arbeidsoppgåver, forventingsavklaring, og ikkje minst sikring av tvillingkompetanse slik at viktige funksjonar vert levert ved eventuell sjukdom, ferie og anna fråver.
 - **Leanprosess med merkantile og oppvekstsektoren iverksett for å sikre betre utnytting av ressursar og tvillingkompetanse på tvers, spesielt inn mot lønnsfunksjonar som har vore svært sårbare.**
- Implementering av nye digitale verkty, opplæring og størst muleg gevinstrealisering.
 - Digitalt forum har vurdert og innvilga søknader frå heile organisasjonen på prosjekt som gir gevinstrealisering gjennom digitalisering og effektivisering.
 - Framsikt vart tatt i bruk til rapportering frå einingsleiarar og kommuneleiing.
 - Manglande resurssar sinkar framgangen i arbeidet med implementering og bruk av verktøyet som heilskapleg verksemdstyring.
 - Arbeid med fakturareferanser og bruk av profiler for å ta i bruk automatisk forslag til kontrung (smart kontrung)
 - Ny organisasjonsstruktur frå 1. januar 2025 og oppbygging av brukaradministrasjon.
 - **Automatisering av tidlegare manuelle prosessar, samt automatisering av tilgangsstyring etter rolle og mynde.**
- Rett organisering under rammeområda for betre samhandling.
 - Eininga Samhandling og koordinering jobbar for best mogleg utnytting av kompetanse og ressursar på tvers av rammeområda.
- Øve på uforutsette beredskapshendingar.
- Sikre nødvendig kvalitet- og internkontroll i kommunen.
- Systematisk informasjonsarbeid gjennom heimeside, intranett og bruk av sosiale medier.

- Manglande ressursar på kommunikasjon gjer arbeidet krevande, men det er laga fleire digitale skjema.
- Tilrettelegge for døgnopen forvaltning ved å betre innbyggardialogen slik at innbyggjarane kan vere sjølvhjelpete uavhengig av arbeidstid.
 - Denne tenesta vert kontinuerleg oppdatert. Det er innført E-dialog, teneste for innsending av sensitiv informasjon.

Viktige hendingar

Samhandling og koordinering

- Oppstart barnekoordinator og bustadkoordinator vår 2025.
- Vidareutvikla det bustadsosiale systemet for å stette lovpålagte oppgåver etter Boligsosialloven. Ansvar for behandling av søknader om startlån vart i 2025 flytta over til eininga, og stabsleiar er delegert vedtaksmynde.
- Vidareutvikla koordinerande eining, utarbeidd opplæringsmateriell for koordinatorar, starta opp koordinatornettverk og utarbeidd rettleiar for koordinerte tenester barn og unge.
- Oppretta Oppvekstforum for å fremme samhandling på tvers av fag og sektorar, sikre felles retning og tidleg innsats. Alle leiarane for tenester til barn og unge deltek.
- Digitalisert registrering og godkjenning av timelister for støttekontakt- og avlastningstenesten.
- SLT-teamet (samordning av lokale rus- og kriminalitetsførebyggjande tiltak) har utarbeidd rettleiar for rusførebyggjande arbeid i skulane og rettleiar ved bekymring for radikaliserings og valdeleg ekstremisme. Ein har også gjennomført kampanje mot humormobbing «Ej berre kødda?»
- Ungdomsklubben ØY'NE har sidan hausten 2025 hatt ungdomskontakt tilsett på deltid på tilskotsmidlar frå Konfliktrådet, og hatt ope to faste ettermiddagar i veka.
- Tildelingskontoret har i 2025 innført nye kartleggingsverktøy- og rutiner knytt til barn og unge, der ein kartlegg breitt for å kunne avdekke behov både hos søkjar og familie. Det å vere søsken som pårørande og føresette med særleg tyngande omsorgsoppgåver er risikofaktorar for å utvikle behov for eigne helse- og omsorgstenester. Tidleg avdekking og tidleg innsats er viktige faktorar i det førebyggjande arbeidet.

HR-området

Det er gjennomført kontinuerleg arbeid med politikk, rutinar og prosedyrar innan fagområdet. Det er gjennomgått og laga:

- Seniorpolitikk som skal settast i verk frå 2026
- Retningslinje for kompensasjonsdagar
- Retningslinje for fleksibel arbeidstid
- Diverse dokument og malar for oppfølging av tilsette og tilsetjingsforhold

- Videreutvikling av det gode partssamarbeidet i kommunen, samt strukturering, drøfting og fastsetjing av tillitsvaldordninga
- Lokale forhandlingar og strukturering av drøftingsmøte og fellesforståing for prioriteringar og krav, sett opp mot sentrale forhandlingar og kommuneøkonomi

Økonomi området

- Forskriftsendring med nye reglar for avskrivningstid for kommunal VA-infrastruktur der kommuna har revurdert og forlenga avskrivningstida for leidningsnett og andre VA-anlegg. Endringa har tilbakeverkande kraft og gjeld for anlegg så langt tilbake som 40 år. Dette har vore ein svært krevjande kartleggings- og dokumentasjonsoppgåve.
- Innføring av Framsikt som styringsverktøy er fortsatt krevjande og har ikkje fått ønska framdrift då området har hatt ei vakant stilling sidan mars 2025.

Status økonomi per teneste

Beløp i 1000

Teneste	Rekneskap 2024	Opph. bud. 2025	Revidert budsjett 2025	Rekneskap 2025	
			Rev. bud.	Rekneskap	Avvik i kr
KOMMUNEDIREKTØR - KOMMUNALSJEFAR	7 673	6 830	6 830	7 246	-416
PERSONAL OG LØN	2 976	2 971	2 998	3 308	-310
FORVALTNING AV BYGG	133	0	0	251	-251
ØKONOMI	4 498	4 753	4 794	4 004	790
SERVICEKONTORET	2 860	-207	-204	512	-715
DIVERSE FELLESFUNKSJONAR	99	0	0	372	-372
IKT	891	847	847	972	-125
SAKSBEHANDLING - FELLES	946	970	970	1 277	-307
BARNEHAGE	1 215	1	1	10	-8
GRUNNSKOLE	1 633	1 578	1 600	1 618	-18
AKTIVITETSTILBOD BARN OG UNGE	0	3	15	731	-715

FOREBYGGANDE ARBEID, HELSE- OG SOSIAL	0	1 245	1 245	0	1 245
AKTIVISERING AV ELDRE OG FUNKSJONSHEMMA	0	1 297	1 301	1 654	-353
DIAGNOSE OG BEHANDLING	0	0	4	146	-142
PSYKISK HELSEVERN	115	0	0	0	0
BARNEVERTENESTE	270	1	1	0	1
PLEIE, OMSORG, HJELP I INSTITUSJON	0	487	494	276	218
Avlastning	0	422	422	0	422
Giske Omsorgssenter	0	414	414	0	414
HEIMETENESTE - AMBULERANDE VERKSEMD	1 841	3 775	3 847	5 523	-1 676
KOMMUNALE SYSSELSETTINGSTILTAK	428	1	1	0	1
Formidlingslån (frå 2020)	-117	-140	-140	302	-442
Bustadtilskott frå husbanken (frå 2020)	0	226	226	0	226
PLANLEGGING / REGULERING	1 555	2 368	1 721	1 380	340
Utsleppstillatelsar, kontroll og tilsyn	0	0	0	0	0
OPPMÅLINGSFORRETNING	0	0	0	0	0
BUSTADOMRÅDER	0	-687	-812	0	-812
NÆRINGSKONTORET	701	258	258	201	57
JORD- OG SKOGBRUK	734	-40	-40	0	-40
INDUSTRIOMRÅDER	0	10	10	0	10
KOMMUNALE VEGAR	0	1 067	1 019	1 097	-78
LEIDNINGSANLEGG VATN	0	0	0	0	0
LEIDNINGSANLEGG AVLØP	0	0	0	0	0
VILTFORVALTNING	167	-40	-40	0	-40
FRILUFTSLIV	143	0	0	5	-5
BIBLIOTEK	1 545	36	36	0	36
KUNST OG KUNSTFORMIDLING	0	140	140	0	140

KULTURKONTORET	1 664	368	368	353	15
Frivilligsentral	728	2	2	0	2
Sum	33 444	28 957	28 329	31 238	-2 909

Kommentar til status økonomi

Rammeområdet har eit meirforbruk på 2,9 mill.kr. Meirforbruk på ei teneste vert ofte kompensert med mindreforbruk på andre tenester og sjølv om stillingar har vorte haldne vakante for å halde budsjettet, har ein ikkje klart å halde budsjettbalansen.

Meirforbruket på teneste kommunedirektør/kommunalsjef knytt til ekstraordinære lønskostnader som etterløn, nødvendig overlappning av personell og utbetaling av ferieløn til kommunalsjefar som har avslutta sine stillingar. Desse forholda har ført til høgare utgifter enn budsjettert.

Tenester knytt til ansvar 1260 Samhandling og koordinering

Teneste Aktivisering av eldre og funksjonshemma (teneste 2340) har eit meirforbruk på kr 127 708, dette gjeld støttekontakttenestene. Bruk av denne tenesten har vore ei bevisst satsing i forhold til å styrke dei nederste trinna i innsatstrappa, og unngå dyrare tenester lenger oppe i trappa. Auka arbeidsgjevaravgift og pensjonskostnader på om lag kr 97 000 heng delvis saman med dette meirforbruket.

Ramma for startlån vart i budsjettet for 2025 auka til 20 mill.kr. Dette kravde utvida saksbehandlarressursar og kommunen måtte i første halvår kjøpe denne tenesta frå andre kommunar, dette var det ikkje tatt høgde for i budsjetteringa og førte til eit meirforbruk på teneste Formidlingslån (teneste 2831) med kr 78 880.

Det har vore to nytilsetjingar i 2025 og deler av meirforbruket kjem som følg av kjøp av it-utstyr, dette saman med auka kostnader knytt til nye integrasjonar på fagprogram vart det også meirforbruk knytt til dette.

Tenester knytt til eining 1270 Fellestenester STAB

For eining 1270 Fellestenester STAB kjem meirforbruket i hovudsak av lågare interne inntekter enn budsjettert. Det vart refundert kr 767 000 mindre enn budsjettert for arbeid for sjølvkostområda, dette kjem av ein kombinasjon av lavere kostnader til fordeling i sjølvkostområda, og at eininga utførte mindre arbeid enn forutset i budsjettet for sjølvkostområda. Det vart heller ikkje kravd kompensasjon for arbeid utført i investeringsprosjekt, inntekter frå dette var budsjettert med 1,2 mill.kr.

KOSTRA Nøkkeltal

	Giske 2022	Giske 2023	Giske 2024	Giske 2025	Kostragruppe 01
- Prioritet	-	-	-	-	-
➤ Netto driftsutgifter pr. innbygger til Adm, styring og fellesutgifter (B) **) i	4 288	4 648	5 120	5 539	5 807

**) Justert for utgiftsbehov

På kostrafunksjon 120 inneheld tabellen ikkje berre utgifter knytt til rammeområde 2 Kommuneleiing - stab. Tenester som er knytt til rammeområde 3 Fellesutgifter/fellesinntekter og rammeområde 9 Samfunn er også med i tabellen.

For kostrafunksjon 120 administrasjon syner tala at Giske kommune har ein auke frå 2024 til 2025 med kr 419 per innbyggjar.

Giske kommune bruker kr 268 mindre per innbyggjar enn gjennomsnittet for kostragruppe 1, ein nedgang frå kr 645 i 2024. Dersom Giske skulle bruke det samme som gjennomsnittet i kostragruppe 1 vil dette utgjort ein auke på 2,3 mill.kr.

Status økonomiplantiltak

Rammeendringar i økonomiplanen

Beløp i 1000

Tiltak	Ramme år 1	Status	Beskriving
Nye tiltak	1 240		
Auke kulturmidlar- vedtak i F-skap sak 102/24	130	Ferdig	Løyvinga er gjort i ramme 2, men organisasjonsendringa gjer at tiltale blir utført i ramme 9 Samfunn
Ramme 2 Samhandling og koordinering - auka midlar til støttekontakt/avlastning	300	Ferdig	
Ramme 2 Samhandling og koordinering Barnekoordinator	405	Ferdig	1260 Samhandling og koordinering Starta opp ultimo april.

Ramme 2 Samhandling og koordinering Bustadkoordinator	405	I arbeid	1260 Samhandling og koordinering Starta opp primo mai.
Sum tiltak	1 240		

Sjukefråvær

Fråvær	Korttid	Langtid	Samla fråvær
Årleg sjukefråvær 2024	1,31 %	0,41 %	1,73 %
Årleg sjukefråvær 2025	1,61 %	1,30 %	2,91 %

FELLESUTGIFTER/FELLESINNTEKTER

Beskriving av tenesteområde

På dette området blir det ført inntekter og utgifter som er felles for heile kommunen sin organisasjon, og som ikkje kan knytast opp mot einskilde einingar eller stab.

Under teneste 1240 diverse fellesfunksjonar er det budsjetttert med felles utgifter som:

- Felles kontormateriell på rådhuset
- Bevertning til møte og kurs
- Utgifter til porto, telefon og datakommunikasjon
- Kommunen si ansvarsforsikring
- Lisensar og serviceavtaler for felles IT-program og utstyr
- Utgifter til leige av kopimaskiner
- Serviceavtalear for anna teknisk utstyr som felles kopimaskiner m.v.
- Kontingent til Kommunenes Sentralforbund KS

- Avskrivningar på felles IT-program og utstyr

Status økonomi i rammeområdet

Beløp i 1000

Ansvar	Rekneskap 2024	Rev. bud. 2025	Rekneskap 2025	Avvik i kr	Avvik i %
1300-FELLES - DRIFT	-4 190	14 730	-12 037	26 767	181,7 %
1310-ÅRETS AVREGNING PENSJON	11 745	0	26 604	-26 604	0,0 %
1350-FELLES - PERSONAL / ARBEIDSMILJØ	3 490	3 710	3 559	151	4,1 %
Sum	11 044	18 440	18 126	314	1,7 %

Kommentar til status økonomi

Rammeområde 3. Fellesutgifter – fellesinntekter viser eit mindreforbruk på kr 314 121.

Innafor rammeområdet er det eit stort mindreforbruk på ansvar 1300 felles drift, dette skriv seg frå bruk av premiefond med 34 mill.kr og vert motrekna mot meirforbruket i ansvar 1310 årets avrekning pensjon.

Det er eit meirforbruk i ansvar 1300 Felles drift og dei største avvika finn ein i teneste 1240 Diverse fellesfunksjonar - med eit meirforbruk på 2,5 mill kr. Meirforbruket på tenesta stammar i stor grad frå utgifter til datakommunikasjon, lisensar, serviceavtalar og ikt drift og viser at kommune i budsjetteringa fortsatt har utfordringer med å ta høgde for auke i lisensar som følge av auka digitaliseringsgrad. Med auka grad av digitalisering er dette ein kostnad som aukar på alle områder.

Årets lønsauke vart i si heilheit budsjettert i ramme 3, og fordelt til einingane etter etterbetaling. Lønsoppgjeret vart lavere en avset og budsjettet vart redusert med 3 mill.kr. Det står likevel att 3,5 mill.kr i mindreforbruk, dette har gått til å dekke meirforbruk på andre artar, t.d lisensar og kjøp av tenester.

Pensjonskostnadar vert ført etter budsjettert prosentsats på rammeområda, dette gjer at det på einingsnivå blir lettare å følge pensjonskostnaden og endringar på rammeområda kjem som følge av endringar i løn og ikkje som følge av premieavvik, amortisering og bruk av premiefond. Dette ligg no i si heilheit i ramme 3 og også avrekninga på slutten av året blir ført i ramme 3.

Premieavvik vert budsjettert som inntekt – amortiseringa ei utgift, netto utgjorde det ei utgift på kr 6 567 130. Premieavviket i KLP var budsjettert som inntekt med 12,9 million kroner, medan det vart 5,6 million kroner. Bruk av premiefond som aukar

premieavviket vil kome som ei utgift gjennom amortiseringa (avdrag) dei neste 7 åra. Bruk av premiefond vart 29,9 mill. kr og var ikkje budsjettert. Begge deler må ein sjå i sammenheng med pensjonskostnadane som er fordelt på einingane, ser ein kommunen under ett vart det meirforbruk på 1,8 million kroner for pensjonskostnadane. Meirforbruket skriv seg frå auka pensjonskostnader som følge av ny offentlig AFP og nye reglar for særaldersgrenser som gav høgare pensjonskostnader enn fortset ved budsjettet. Kommunane har fekk kompensert for denne auke gjennom auke i rammetilskot.

Ser ein løn, sjukeløn og pensjonskostnader samla for alle rammeområda (heile kommunen) er der eit meirforbruk på 4,26 mill.kr.

Premieavviket er differansen mellom den berekna pensjons-kostnaden som vert ført i rekneskapen og premien som faktisk er betalt. Den betalte premien vil blant anna avhenge av avkastninga pensjonstilbydaren oppnår på pensjonsmidlane og lønsveksten rekna med utgangspunkt i lønsnivået ved utgangen av året.

I ansvar 1350 felles personal/arbeidsmiljø ligg løn til lærlingar, frikjøp tillitsvalde og andre arbeidsmiljøtiltak. Området er omlag i balanse.

KOSTRA Nøkkeltal

	Giske 2022	Giske 2023	Giske 2024	Giske 2025	Kostragruppe 01
- Prioritet	-	-	-	-	-
➤ Netto driftsutgifter per innbygger (180) diverse fellesutgifter (B) **) ⓘ	5	5	6	5	64

****)** Justert for utgiftsbehov

Kostrafunksjon 180 er fellesutgifter som ikkje kan fordelast på andre områder. Kostrafunksjon 180 er også knytt til ramme 1 politisk styring då f.eks utgifter til eldreråd er skal først på kostnadsfunksjon 180, men blir ført i ramme 1 politisk styring.

Funksjonen skal ikkje vere ein sekkepost for å unngå fordeling av utgifter som høyrer heime i andre funksjonar. At Giske kommune kjem langt lavere ut enn andre kommunar tyder på at kommune har eit bevisst forhold til fordeling av fellesutgifter.

Status økonomiplan tiltak

Rammeendringar i økonomiplanen

Beløp i 1000

Tiltak	Ramme år 1	Status	Beskriving
Nye tiltak	2 553		
Ramme 3 Felles - Arbeidsmiljøkartlegging	300	I arbeid	Arbeidsmiljøkartlegging er starta opp i slutten av 2025.
Ramme 9 Konsekvensjustering - auke lisenskostnader	2 253	I arbeid	Konsekvenser av auka prisvekst og nye avtalar IKT. tiltaket er arbeidd inn i budsjettet, men det er fortsatt utfordrande å ta høgde for auka prisvekst og kostnad til nye lisensar som følgje av auka digitaliseringsgrad.
Innsparingstiltak	-300		
RAMME 3 Reduksjon av antall printerar	-300		Det er gjort ein gjennomgang av talet på printerar på rådhuset og ute i einingane av systemintegrator. Det er bestemt etter møte med kommunalsjefar og kommunedirektør å ta ned antallet på printerar både som eit miljøtiltak og sparetiltak. Ein kostnadsbesparelse på ca 300. Tiltaket er lagt til ramme 3, men effekten av dette vil vere på ulike rammeområde.
Sum tiltak	2 253		

DIVERSE TENESTEOMRÅDE

Beskriving av tenesteområde

Ramme 4 omhandlar sosiale tenester som vert gitt av Nav Giske.

Nav Giske er eit partssamarbeid mellom Giske kommune og Nav stat som er representert av Nav Møre og Romsdal. Nav Giske har kontor på Giske rådhus.

Tenestene i Nav er både kommunale og statlege, og blir levert av kommunalt og statleg tilsette.

Lov om sosiale tenester i Nav inngår i kommunen sitt samla velferdsansvar og omhandlar kommunale tenester og oppgåver som Nav Giske skal utføre og medverke i. Dei obligatoriske kommunale tenestene (minimumsløysinga) som inngår i Nav Giske er opplysning, råd og rettleiing (medrekna økonomisk rådgjeving), økonomisk stønad, mellombels bustad, individuell plan og kvalifiseringsprogram.

Ut over minimumsløysinga deltek Nav Giske i introduksjonsprogrammet for flyktingar med arbeidsrelatert opplæring/bistand.

Oppgåvene i Nav er til dels forankra i lov, som økonomisk sosialhjelp, og kvalifiseringsprogrammet. Desse er førande for kommunen sitt arbeid i høve grupper som treng særskild oppfølging. Giske kommune og Nav Giske har eit tett og godt samarbeid, ein ser at det gjer tenestene kvalitativt betre og heng betre saman.

Kvalifiseringsprogrammet og kvalifiseringsstønad må sjåast i samanheng med økonomisk sosialhjelp.

Kvalifiseringsprogrammet er eit viktig verkemiddel i kampen mot fattigdom. Målet med programmet er å fremje overgang til arbeid, sosial inkludering og aktiv deltaking i samfunnet ved hjelp av tettare og meir forplikta bistand og oppfølging, også i dei tilfella vegen fram kan vere relativ lang og usikker.

Økonomisk sosialhjelp

I løpet av 2025 har 180 personar motteke sosialhjelp frå Nav Giske, dette er ein nedgong frå 2024 med 207 personar (tal på personar er i utgangspunktet høgare, då kvar familie som mottek sosialhjelp blir rekna som ein person). Ein ser også ein positiv trend i høve reduksjon av utbetaling av sosialhjelp frå 2024 til 2025. Ein kan sjå nedgangen i samanheng med at ein har jobba

godt arbeidsretta opp mot denne gruppa. Ein har utnytta det statlege tiltaksbudsjettet godt og gitt moglegheiter til dei som har stått utanfor arbeidslivet. Etter tilsyn frå statforvaltaren har i 2023 har Nav Giske hatt større fokus på barn sine behov gjennom barnekartlegging.

Gjeldsrådgjeving

Gjeldsrådgjevar jobbar for Nav Giske i 60 % stilling og blir utleigd til Haram kommune i 40 % stilling. 29 brukarar/familiar har fått bistand frå gjeldsrådgjevar i 2025. I tillegg har mange brukarar fått tilbod om opplysning, råd og rettleiing, med mål om å løyse eller førebygge sosiale problem.

Flyktningar

Gjennom 2025 har flyktningar hatt prioritert oppfølging frå Nav Giske. Nav har sidan 2022 hatt ei prosjektstilling med midlar frå Statforvaltaren. Målet med prosjektstillinga har vore å utarbeide nye metodar for å få flyktningane raskare i arbeid og arbeidsretta aktivitet, for å kunne bli sjølvforsørga. Etter endt prosjektperiode blei stillinga gjort fast frå 01.10.25.

Gjennom prosjektet har ein lukkast godt med tidleg og heilheitleg kartlegging av kompetanse, familiesituasjon, barnekartlegging, økonomisk rådgjeving og bistand med å skaffe bustad. På grunn av mangel på kommunale bustadar, har kontoret hatt ein rettleiar som har hatt ansvar får å inngå husleigekontrakter med private utleigarar. Vi har også hatt ansvar for innkjøp av utstyr til boligane.

Nav Giske har i 2025 arbeida tett opp mot flyktningtenesta. Ein har hatt godt samarbeid med vaksenopplæringa for å få tilpassa løp, for dei som kombinerer arbeid og introduksjonsprogram. Rettleiar har hatt fast kontordag hjå vaksenopplæringa for å tilby tilpassa bistandsbehov for den enkelte flyktning.

Nav har lukkast spesielt godt med samarbeid med arbeidsgjevarar opp mot denne gruppa, som daglegvarebutikkar, fiskeindustri og servering.

I 2025 har Giske kommune teke imot 22 flyktningar, samt familiegjenforeining med 8 flyktningar. Ved utgangen av 2025 bur totalt 66 ukrainske flyktningar i aldersgruppa 20 – 66 år i Giske. Av desse er 43 personar i arbeid/registert med arbeidsretta oppfølging i Nav, 5 personar deltek i introduksjonsprogrammet, 13 personar er over 55 år, dei resterande er utan kjent registrering.

Ungdomsgarantien for unge under 30 år

Unge under 30 år har prioritert oppfølging frå Nav Giske, og har dedikerte veiledarar og jobbkonsulent som jobbar med denne gruppa. Målet har vore å få fleire ungdommar i arbeid og utdanning, med mål om stabil tilknytning til arbeidslivet. Samarbeid

med arbeidsgjevarar som ønsker å inkludere brukarar i ungdomsgarantien vert prioriterte.

Nav Giske har ein stor del brukarar under 30 år, som slit med å få innpass i arbeidslivet og/eller varig tilknytning til arbeidslivet. Dette kan skuldast fleire forhold som til dømes fråfall i vidaregåande skule, helseutfordringar eller sosial arv. Desse kan vere aktuelle både for kommunale og statlege ytingar og tiltak. For å lukkast med oppfølging av dei unge, er det særskilt viktig å ha styrka samhandling med ulike einingar i Giske kommune, vidaregåande skular, helsevesen osv. Frivilligsentralen blir brukt til arbeidsretta tiltak for dei som står lengst frå arbeidslivet. Nav Giske deltek i faste møter i SLT-koordinerande nivå. Nav Giske har også starta samarbeid med Vigra frivilligsentral, og ser at dette kan skape gode moglegheiter for ungdomar som står utanfor arbeidslivet.

Marknadsarbeid

Marknadsarbeidet er ei forutsetning for å kunne lukkast med hovudprioriteringane. Nav Giske prioriterer å samarbeide med arbeidsgjevarar som gir brukarar moglegheiter i arbeidslivet gjennom arbeidsinkludering. Nav Giske tilpassar seg ein arbeidsmarknad i omstilling og tilbyr kvalifiseringsløp og tiltak som er tilpassa den enkelte brukar, med mål om stabil tilknytning til arbeidslivet. Jobbkonsulent har eit spesielt ansvar for å skape kontaktar i arbeidsmarknaden.

Overordna mål

- Nav Giske skal arbeide etter hovudprioriteringane i kommunebrevet for 2025, samt Mål- og disponeringsbrev for 2025 til Nav.
- Nav skal ha stort fokus på å følgje opp prioriterte grupper som barnefamiljar, ungdom, flyktningar og brukarar med nedsett arbeidsevne.
- Fokus på arbeid og tiltak for å styrkje kommunen si satsing innan innanforskap, tidleg innsats og førebyggjande arbeid.
- Auke tal på brukarar som nyttar digitale tenester ved søknad om sosialhjelp
- Fortsatt fokus og arbeid for låg arbeidsledigheit
- Nytte det statlege tiltaksbudsjettet
- Tettare tverrfagleg samarbeid
- Fokus og satsing på gjeldsrådgjeving
- Fokus på vilkår om arbeid og arbeidsretta aktivitet ved tildeling av økonomisk sosialhjelp
- Tidleg og tett innsats for betre overgang til arbeid for flyktningar
- God økonomistyring og kontinuerleg forbetring

Utvalde resultat

- Overordna mål for 2025 har vore å førebyggje og redusere fattigdom og sosiale problem, dette har ein lukkast med ved å redusere utbetalingar av sosialhjelp. Ein har hatt god utnytting av tiltaksbudsjett som har ført til nedgang i arbeidsløysa frå 2024 til 2025
- Nav Giske har gjennom 2025 redusert sosialhjelpsutgiftene til innbyggjarane i kommunen, med unntak av flyktningar med mindre enn 5 års butid
- Tal på brukarar som nyttar digitale tenester ved søknad om sosialhjelp - i 2025 har 63 % av brukarane nytta digitale tenester (57 % i 2024)
- Giske kommune har gjennom 2025 hatt ein lav arbeidsledigheit på 1,4 % pr. desember 2025, som er vesentleg lågare enn Møre og Romsdal med 1,8 % og landet med 2,3 %
- Ein kan sjå både reduksjon av utgifter til sosialhjelp og arbeidsledigheita i samanheng med at ein har utnytta det statlege tiltaksbudsjettet godt, som har ført til at fleire har kome i arbeid eller arbeidsretta aktivitet
- Tettare tverrfagleg samarbeid internt i kommunen gir god effekt i oppfølging av brukarar med samansette utfordringar - en ser spesielt nytte av dette i oppfølging av ungdom
- Prioritering av oppfølging av utsette grupper, spesielt ungdom, langtidsledige, flyktningar og barnefamiliar
- Nav har oppretthalde fokus og satsing på gjeldsrådgjeving, alle som har meldt behov har fått tilbod - 29 saker gjennom 2025
- Nav har vurdert kvalifiseringsprogramet (KVP) for brukarar som fyller vilkåret. Totalt 8 personar inne i KVP i løpet av 2025
- Nav har hatt fokus på vilkår om arbeid og arbeidsretta aktivitet ved tildeling av økonomisk sosialhjelp
- Tidleg og tett innsats for betre overgang til arbeid for flyktningar
- Fokus på innanforskap
- Arbeidd systematisk med HMS-arbeid gjennom 2025 - gjennomført risikovurderingar, oppdatert beredskapsplan, verksemdplan og utarbeida HMS årshjul
- God økonomistyring, mindreforbruk kr 1 157 000

Tabell henta frå Husbanken.no. viser tal barn i husholdningar med lav inntekt, som leier og bur trongt. Tabellen viser at det har vore ein nedgong i Giske kommune dei siste 4 åra, og at kommunen ligg lågt samanlikna med kommunar i området.

Barn i husholdninger med lav inntekt, som leier og bor trangt	2020	2021	2022	2023	2024
 Norge	3,1%	2,8%	2,6%	2,6%	2,7%
 Sula	1,1%	1,2%	1,6%	1,8%	2,3%
 Giske	1,5%	1,2%	1,2%	1%	1%
 Ulstein	2,3%	1,1%	1,5%	2,4%	2,3%
 Sykkylven	3,6%	2,7%	1,2%	1,7%	1,5%
 Ålesund	2,3%	2,3%	2%	1,9%	1,9%

Viktige hendingar

- **Sikkerheit**

Nav Giske skal vere ein trygg og sikker arbeidsplass. Nav Giske har stort fokus på forbetring av sikkerheitstiltak. I tillegg til å utarbeide beredskapsplan, har ein utarbeida risikovurderingar på tre områder:

- Kartlegging i forhold til vold og truslar og uheldige belastningar
- Kartlegging av organisatorisk og psykososialt arbeidsmiljø
- Kartlegging av sikkerheit i mottak

Det blei i denne prosessen avdekka store sikkerheitsavvik i mottaks-området. Giske kommune, Nav Giske og Nav Møre og Romsdal har samarbeida om kva tiltak som skal settast i verk. Ombyggingsarbeidet starta i 2024, i løpet av 2025 er alle sikkerheitstiltak gjennomført og ferdigstilt.

- **Tverrfagleg samhandling – koordinerte tenester**

Nav Giske har godt samarbeid med dei ulike einingane i kommunen, spesielt psykisk helse- og rus team, barnevern, flyktningtenesta, frivilligsentralen, ulike einingar i Giske kommune i forhold til arbeidsrett aktivitetar for brukarar. Nav deltek blant anna i:

- Samhandlingsteam for god oppvekst
- Koordinerande team

- SLT-koordinerende nivå
- Bustadsosialt team

Nav Giske har delteke i utarbeiding av bustadpolitisk plan.

Status økonomi per teneste

Beløp i 1000

Teneste	Rekneskap 2024	Opph. bud. 2025	Revidert budsjett 2025	Rekneskap 2025	Avvik i kr
			Rev. bud.	Rekneskap	
SOSIAL RÅDGJEVING OG VEILEDNING	4 438	4 487	4 881	4 970	-89
TILBOD TIL PERSONAR MED RUSPROBLEM	0	0	0	3	-3
KOMMUNALE SYSSELSETTINGSTILTAK	0	0	0	1	-1
KVALIFISERINGSPROGRAM	1 648	1 997	1 997	1 063	933
ØKONOMISK SOSIALHJELP	9 315	8 958	8 958	8 641	318
NAV DRIFT - STATLEG DEL	6	0	0	1	-1
Sum	15 407	15 442	15 836	14 680	1 157

Kommentar til status økonomi

Rekneskap 2025, ramme 4, Nav Giske, viser eit mindreforbruk på kr 1 157 000. Dette skyldast i hovudsak mindreforbruk knytt til kvalifiseringprogrammet (KVP) og økonomisk sosialhjelp. Nav har gjennom 2025 hatt færre kandidatar på KVP, som følgje av dei hadde kome seg i arbeid eller tiltak. Overføring til private, lag og organisasjonar (sosialhjelp til innbyggjarar, med unntak av flyktningar med mindre enn 5 års butid) fekk auka budsjett frå 2024 til 2025 med kr 2 mill. Ein har sett ei stor auke i utgiftene til denne gruppa dei siste åra. Som følgje av at utgiftene blei lågare i 2025 enn venta, vart det eit mindreforbruk på kr 760 000. Ein må sjå denne posten i samanheng med konto overføring til flyktningar (sosialhjelp til flyktningar med mindre enn 5 års butid) som viser eit meirforbruk på utgifter til sosialhjelp til flyktningar med kr 485 000. Det er generelt vanskeleg å framskrive behov for sosialhjelp.

Nav Giske har i stor grad lukkast i å bistå brukarar med arbeidsretta brukaroppfølging, samt oppfølging av arbeidsgjevarar. Dette har påverknad på sosialhjelpsutgiftene. Ein ser at det har vore meir utfordrande å få nyankomne flyktningar i arbeidsretta aktivitet, då en ser at en del har større helseutfordringar enn dei som kom i starten av krigen.

Ramme 4 fekk overført kr 300 000 frå ramme 6, då oppgåver knytt til bustadformidling til flyktningar vart flytta over til Nav.

Oppsummering tiltak

- God utnytting av statlege tiltaksmidlar for rask formidling til arbeid og arbeidsretta aktivitet.
- Sal av teneste gjeldsrådgjeving 40 % stilling til Nav Haram
- Tiltak for å få flyktningane raskare i arbeid, fokus på kvalifikasjonar og arbeidsretta aktivitet frå flyktningane blir busette, nokon går direkte ut i jobb, mål om arbeidsretta aktivitet innan dei tre første månadane i introduksjonsløpet, generelt korte introsløp
- Tett samarbeid med frivilligsentralen om arbeidstrening for dei som står lengst frå arbeidsmarknaden
- Fleksibel bruk av tilsette ved vakansar og sjukefråver
- Kontinuerleg forbetringsaktivitet
- Fokus på tidleg innsats, førebyggjande arbeid og innanforskap

KOSTRA Nøkkeltal

	Giske 2022	Giske 2023	Giske 2024	Giske 2025	Kostragruppe 01
- Prioritet	-	-	-	-	-
➤ Netto driftsutgifter til økonomisk sosialhjelp pr innbygger 20-66 år (B) ** ⓘ	1 410	1 902	2 834	2 113	3 384
- Dekningsgrad	-	-	-	-	-
➤ Andel mottakere med sosialhjelp som hovedinntektskilde (B) ⓘ	31,7 %	16,0 %	17,8 %	25,0 %	36,1 %
➤ Andelen sosialhjelpsmottakere 18-24 år, av innbyggerne (19)-24 år (B) ⓘ	2,7 %	3,7 %	4,2 %	3,2 %	5,6 %

**) Justert for utgiftsbehov

Sjukefråvær

Fråvær	Korttid	Langtid	Samla fråvær
Årleg sjukefråvær 2024	1,48 %	1,15 %	2,63 %
Årleg sjukefråvær 2025	2,66 %	6,28 %	8,94 %

OPPVEKST

Beskriving av tenesteområde



Ramme 5 oppvekst

Det er 4 barneskular, ein felles ungdomsskule og to kommunale barnehagar, som saman med Pedagogisk psykologiske tenester utgjer, saman med 6 private barnehagar, oppvekstsektoren i Giske kommune. Vaksenopplæring og grunnskule for vaksne er tenester vi kjøper frå Ålesund kommune.

PPT og spesial-pedagogisk team vart eiga eining i ramme 5 frå 1. februar 2024. PPT arbeider meir systemretta og det er ikkje venteliste på sakkunnige vurderingar. Spesialpedagogane i barnehage arbeider også meir systemretta og i det allmennpedagogiske. Det er målretta fokus på overgangar.

PPT - spesialpedagogisk team

Styrka tilbod til førskulebarn - spesial-pedagogisk team

Organisatorisk måloppnåing

Arbeidsåret til spesialpedagogane er endra og knytt nærare opp til barnehagane, noko som har auka fokuset på systemarbeid og samanhengar mellom det allmennpedagogiske og det spesialpedagogiske. Dette gir meir tid i barnehagane og reduserer tid til køyring og tid på kontor.

Pågåande prosess

Det blir gjennomført ei systematisk styrking av samhandlinga mellom det spesialpedagogiske teamet og barnehagane, med vekt på felles ansvar for førebygging, tidleg innsats og utvikling av *eit gyldig «vi»*. Kompetansen kjem nærare barna, i tråd med føringane i Meld.st 6. "Tett på, tidleg innsats."

Omstillinga har som formål å etablere ei tydeleg rolleforståing og klare forventningar til både spesialpedagogar og barnehagane. Dette omfattar presisering av ansvarsoppgåver, samhandlingsrutinar og felles praksis i det utøvande arbeidet rundt barna. Arbeidet skal bidra til meir heilskaplege løysingar, styrking av laget rundt barnet og betre utnytting av den samla kompetansen i tenesta.

Faglig måloppnåing

Spesialpedagogisk team har starta eit 2 årig prosjekt med å bygge opp ein ask-bank (Alternativ supplerande kommunikasjon) til barnehagane i kommunen. Kingelveven vil utføre lamineringsarbeid slik at spesialpedagogane får bruke mest mogleg tid i lag med barna.

Pedagogisk psykologisk teneste (PPT)

Sakshandsaming og kvalitet

PPT har ingen venteliste og behandlar no saker fortløpande, i tråd med forvaltningslova. Det har vore eit særleg fokus på både grunna og ugrunna opphald i individrettleiingar. Dette arbeidet har gitt auka innsikt i kva som hemmar effektiv saksflyt, og fleire av desse hindringane er no fjerna eller reduserte.

Førebygging, tidleg innsats og systemretta arbeid

I tråd med føringane i opplæringslova (2024) har tenesta styrkt arbeidet med førebygging og tidlege tiltak. PPT jobbar meir systemretta saman med dei vaksne i skulane. Dette omfattar:

- utvikling av felles praksis og samkøyring av team
- styrking av klasseleiing
- etablering av robuste strukturar som fremjar gode læringsmiljø



Denne innsatsen skal bidra til meir heilskaplege og varige endringar i det pedagogiske arbeidet rundt elevane.

Kompetanseheving

Tenesta har gjennom året utvikla og gjennomført fleire kurs for skular og barnehagar, mellom anna innan:

- klasseleiing
- språkkartlegging
- dynamisk kartlegging i matematikk

Kursa støttar opp under tenesta sitt mål om å auke kompetansen hos dei tilsette og styrkje kvaliteten på det pedagogiske arbeidet.

Utviklingsarbeid

Tenesta arbeider òg med fleire større utviklingsprosjekt, mellom anna:

- utarbeiding av ein lese- og skriveutviklingsplan for kommunen, for å sikre ei meir systematisk og forskningsbasert tilnærming til språk, lese- og skriveutvikling
- utarbeiding av ein matematikkplan for kommunen, for å sikre ei meir systematisk og forskningsbasert tilnærming til utvikling av matematikk- og rekneferdigheiter.
- utvikling av eit multimodalt språkmiljø ved Kingelveven dagsenter, der målet er å styrkje kommunikasjon, deltaking og alternative uttrykksformer for brukarar som treng det

Desse prosjekta skal styrkje kvaliteten i tenestene, sikre betre overgangar og bidra til betre tilpassa opplæring og støtte for barn og unge.

Barnehage

Giske kommune har 2 kommunale og 6 private barnehagar. Det er tett fagleg samhandling i heile barnehagesektoren. Samarbeidet har fokus på å utvikle kvaliteten i det allmennpedagogiske og å utvikle varige betre praksisar i kjerneaktivitet.

Dei kommunale barnehagane har styrka kvaliteten i språkarbeidet og driftar svært kostnadseffektivt.

Rekomp: Alle barnehagane er med på regional kompetanseutvikling for inkluderande språkmiljø.

Barnehagefeltet startar opp arbeidet med Trygt og godt barnehagemiljø – ei vidareføring av inkludering og fellesskapane didaktikk. Satsinga vil strekkje seg over tre barnehageår i partnerskap med høgskulen i Volda.

Kompetanseutvikling:



Styrka språkarbeid: Dei kommunale barnehagane har fått ei styrking frå og med 2024 for systematisk arbeid med språk og språkutvikling. Det er utarbeida ein felles språkplan og realisert nye og kunnskapsbaserte tiltak for språkutvikling. Arbeidet med systematisk og målretta med språkarbeidet har gitt merkbar effekt og medfører at barna møter betre rusta til skulestart.

Samhandling: Fysio og ergo har bidratt med skrivedans for førskulebarna, noko som betrar føresetnadane for lese og skriveopplæringa. Dette er eksemplariske prinsipp for tidleg innsats.

Inkluderingssteam er ein sentral arena for utvikling av varige betre praksisar, både på individ - og systemnivå. Alle tenester i "laget rundt barnet" deltek aktivt i det førebyggjande arbeidet. Etablering av inkluderingssteam og systematisk bruk av analysemodell er erfart som viktig arena og verktøy for tidleg innsats og systematisk tverrfagleg samhandling.

Det er svært gode erfaringar med utviklinga av samhandlinga mellom spesialpedagogisk team og barnehagane. Barna erfarer ein inkluderande praksis – der ingen blir sett på som «dei inkluderte» og dei tilsette møter barna med eit gyldig VI.

Barnehageåret 25/26 har einingane arbeidd vidare med samhandlingsverktøyet Dips Samspill. Dips er blitt eit godt verktøy for barnehagane i samarbeidet rundt individuelle utviklingplanar. Talet på stafettloggar er aukande.

Vidareutdanning for barnehagelærar: To barnehagelærarar har starta på vidareutdanning gjennom Udir. To fagarbeidarar tek deltidsutdanning for å bli barnehagelærar.

Barnetal og kapasitet.

År	Barn totalt	Kommunale barnehagar	Private barnehagar
2020	579	121	458
2021	555	115	440
2022	563	110	453
2023	528	106	422
2024	517	113	404
2025	521	115	406

- Rapportert i Basil pr. 15.12.2025 [Analysebrettet - Nøkkeltall for barnehage](#)

Barnehageåret 2025 – 2026 gjekk det (pr. 15.12.2025) 521 barn i barnehagane.

Hausten 2025 var det registrert 487 barn med barnehageplass på teljedato 15. august. 33 nye barn fekk tildelt plass etter barnehageopptaket. Ledig kapasitet gjer det utfordrande å budsjettere. 19 barn fekk barnehageplass utan lovfesta rett, dette er dobbelt så mange som i kontragrupper 1.

Utfordringar og strategi for barnehageområdet

Fagleg utvikling,

Førebygging og rett tidleg innsats med fokus på språk og utvikling av inkluderande leikemiljø er viktigaste strategien for barnehageområdet. Retten til eit trygt og godt psykososiale barnehagemiljø er lovfesta. Barnehagane vil auke kompetansen sin på dette området; korleis førebygge, oppdage og handle når eit barn ikkje har det trygt og god. Ein vektlegg å arbeide systematisk med fellesskapet og fellesskapane leik/aktivitetar.

Drift av kommunale barnehagar:

Lønnskostnader står for store delar av utgiftene til barnehagane, driftspostane er framleis låge. Det har vore utfordrande å kompensere tilstrekkeleg for redusert foreldrebetaling. Bemannings- og pedagognorm regulerer tal på tilsette opp mot barnetall og det er lovfesta at det skal være ein styrar i kvar barnehage.

Driftstilskot private barnehagar:

Årstal	Sats barn under 3 år	*Barn rapportert pr.15.12	Sats barn over 3 år	*Barn rapportert pr.15.12
2020	211 195	189	100 156	390
2021	205 376	186	97 378	369
2022	198 437	211	93 333	352
2023	226 196	205	108 911	323
2024	241 281	189	119 578	328
2025	276 314	196	141 673	325
2026	311 138	-	165 003	-

- Rapportert i Basil pr. 15.12

Barnehagane i Giske kommune er framleis drifta svært kostnadseffektivt. Tilskot til private barnehagar for 2026 er berekna ut i frå rekneskapen i dei to kommunale barnehagane i 2024. I utrekninga nyttar kommunen deflator fastsett i statsbudsjettet, statsbudsjettet regulerer også makspris for barnehageplass og satsar for kapitaltilskot til private barnehagar.

Kommande endringar i barnehagelova:

I 2025 har det vore høyringar om nye reglar om styring og finansiering av barnehagesektoren. 2026 vil derfor bli eit år med ein del endringar i lovverket for barnehageområdet. Blant anna er ny søknadsordning for dekking av pensjonsutgifter private barnehager innført frå januar, og ny finansieringsforskrift vil vere gjeldande frå tilskotsåret 2027.

Fleire øymerka tilskot går no inn som ein del av rammetilskotet.

Maksprisen for ein barnehageplass har gått frå 3000,- (2023) til 1200,- frå 1. august 2025. Kommunane har fått ei auking i dei frie inntektene for å kompensere dette. Desse midlane er ikkje øymerka, men det er ei klar forventning om at dei skal bli brukt til barnehagesektoren. 4,5 million i kompensasjon for redusert foreldrebetaling bidrar til å auke overføringa til private barnehagar med det same beløpet.

Rettleiing av nyutdanna barnehagelærarar gav Udir-tilskot i 2025. Frå 2026 blei denne ordninga avvikla og midlane lagt inn i rammetilskotet til kommunane. Likedan ble tilskotet til svømmeopplæring for førskulebarn avvikla frå 2026.

Midlar til styrking av språk for minoritetsspråklege barn er også blir reduser i perioden 2026 – 2029, og lagt inn i ei tverrsektoriell tilskotsordning for førebyggjande tiltak for barn og unge (Bufdir). Det er vurdert som viktig å oppretthalde tilbodet vi har for dei minoritetsspråklege barna, ei 30 % stilling i spesialpedagogisk team.

Rekruttering: Bemanning - og pedagognorm:

Det er utfordringar knytt til rekruttering av alle typar stillingar i barnehage og det arbeider urovekkande få menn i barnehagane våre. Det er forstått som ei stor utfordring, lokalt og nasjonalt, å rekruttere og behalde kvalifiserte tilsette i barnehagane. Det er foruroligande låg søkning til barnehagelærarutdanninga. Styrarane erfarer det som ein stor slitasje å skulle skaffe nok vikarar ved sjukefråvær blant tilsette. Pr. 15.12.2025 har vi 37,8 % barnehagelærarar, målet var 50 % innan 2025 og 60 % innan 2030.

Barnehagane må søkje midlertidig dispensasjon frå utdanningskravet. Giske kommune har historisk sett hatt ein høg andel av pedagogar på dispensasjon frå utdanningskravet. Pr. 15.12.2025 var det fire av åtte barnehagar som oppfylte pedagognorma utan dispensasjon. Dette utgjer 19,07 % av årsverka, ei auke frå 2024 der talet var 10 %.

Barnehagen skal bidra til sosial utjamning, støtte barns språkutvikling, arbeide førebyggjande med psykisk helse og gi alle barn gode leike, lærings- og utviklingsmoglegheiter. Rekrutteringsutfordringane inneberer at barnehagar skal levere kvalitet utan å ha fullt kvalifisert personale.


I barnehageåret 2025/2026 satt regjeringa av 200 000 mill til styrking av bemanninga i barnehagesektoren, ca 490 000,- for Giske kommune.



Utdanning	2021	2022	2023	2024	2025
Barnehagelærar (andel årsverk)	35,7%	34,20 %	37,9%	39,6%	37,8 %
Tilsvarande barnehagelærar (andel årsverk)	0,0%	0,80 %	0,0%	0,8%	0,0 %
Anna pedagogisk utdanning (andel årsverk)	4,8%	0,80 %	1,6%	0,8%	1,2 %
Barne- og ungdomsarbeidar (andel årsverk)	17,2%	16,20 %	20,0%	20,3%	18,7 %
Anna høgare utdanning (andel årsverk)	0,8%	1,50 %	0,8%	0,0%	0,0%

Anna fagarbeidarutdanning (andel årsverk)	4,5%	5,30 %	3,0%	3,6%	5,8 %
Anna bakgrunn (andel årsverk)	37,0%	41,20 %	36,7%	34,8%	36,5 %

Barn pr. tilsett:



Grunnskule

Grunnskulane i Giske kommune har fokus på å realisere ein fagleg, kulturell og sosialt inkluderande praksis. Fagleg inkludering har vore hovudtema i kompetansesamarbeidet med Høgskulen i Volda dei siste 3 åra. Målretta, tidleg innsats, systematikk i

opplæringa og aktiv tverrfagleg samhandling, står sentralt i arbeidet.

I arbeidet med å førebygge utenforskap og sikre aktiv praktisk og variert opplæring er det utvikla fleire prosjekt:



Naust - Giske ungdomsskule tok initiativ til å etablere kommunalt naust som alternativ opplæringsarena i 2024. Studentar ved arkitektthøgskulen i Bergen har teikna både naust og bålplass. Studentane rakk å reise naustet. Det er inngått eit samarbeid med småbåtforeninga, som har reist bålplassen og vil kunne nytte naustet som klubblokale.

Ungdomsskulen etablerte Nausttilbodet frå august 2025. Elevgruppa får ei meir praktisk, aktiv og variert opplæring knytt til sjø og fiske. Tilbod og aktivitet knytt til Naustet skal vidareutviklast til å treffe fleire brukargrupper, på tvers av fagområde og alder.



Skulebibliotek - midlar til drift av skulebibliotek var prioritert i budsjett for 2025. Dette gjorde at vi kunne utvikle ein skulebibliotekplan og søke midlar gjennom UDIR til å finansiere ei stilling som skulebibliotekar, her plassert i samfunn, avdeling for kultur. Dette er å forstå som ei vidareutvikling av den språklege satsinga i barnehagane våre. På kort tid har lyset i skulebiblioteka blitt slått på, det er gjennomført eit stort digitaliseringsarbeid av boksamlingane med overgang til Cicero. Det er gjennomført fleire ulike bibliotekprosjekt for ulike aldersgrupper. Dette handlar om å utvikle ein kultur for lesing!

Skulemiljøteam -nærværværsteam 2025 var også året der Giske kommune utvikla strategi for førebygging av skulefråvær "kvar dag gjeld". Det er gjennomført fagsamlingar for nærværskontaktene, som også samarbeider i nettverk.

Utvikling årsverk til undervisning

Skule	Sum berekna årsverk til undervisning, i stillingsprosent				
	2021-22	2022-23	2023-24	2024-25	2025-26
Giske kommune	9 506	10 532	10 859	10 299	10 651
Giske skule	781	749	770	997	850
Giske ungdomsskule	2 802	3 248	3 340	3 091	3 036
Godøy skule	1 026	1 157	1 316	1 310	1 293
Valderøy barneskule	3 303	3 818	3 908	3 278	3 838
Vigra skule	1 594	1 560	1 525	1 623	1 634

- Tall henta frå GSI

Skule	Årsverk til assistent (og anna personale i elevretta arbeid) i skulen, i stillingsprosent				
	2021-22	2022-23	2023-24	2024-25	2025-26
Giske kommune	3 068	2 486	2 354	2 710	2 870
Giske skule	291	320	284	174	220
Giske ungdomsskule	637	647	508	445	433
Godøy skule	275	182	257	346	268
Valderøy barneskule	1 617	1 004	988	1 275	1 571
Vigra skule	248	333	317	470	378

- Tall henta frå GSI

For meir tal frå skuleåret 2024-2025 sjå [Kvalitetsrapport for grunnskulen](#).

Basen er eit forsterka spesial-pedagogisk fagtilbod frå 1.-10. klasse, lokalisert som ei eiga avdeling ved Valderøy barneskule. Budsjettet er etablert ved justeringar mellom einingar og mellom avdelingar på Valderøy barneskule. Vi ser at budsjettet ikkje har tatt høgde for sjukefråvær og heller ikkje for driftsutgifter, som kjøp av tenester. Dette gjer at Basen har drifta med eit meirforbruk i oppstartsmånadane. Auka elevtal fordrar justering mellom grunnskule og Base.

Basen opna i august 2025 etter effektive og løysingsorienterte byggetekniske tilretteleggingar.

Basen gir no tilbod til 11 elevar frå 1.-10. trinn frå heile kommunen, etter søknad. Statped har bidratt til kompetanseutvikling for dei tilsette og PPT er tett på avdelinga i utvikling av tenestene.

Vaksenopplæring

Resultatet for 2025 er eit mindreforbruk på 1,7 mill. Det er eit saumlaust og konstruktivt samarbeid mellom Giske kommune og Ålesund kommune, knytt til vaksenopplæring.

Skulefritidstilbod det er utvikla eit tettare samarbeid mellom SFO på dei ulike skulane,

Skuleskyss drifta om lag i balanse

Samhandling; Styringsgruppa for god oppvekst er flytta inn i kommuneleiing, frå omstilling til drift og Samfunn er involvert i samhandlinga. Det er oppretta tverrfagleg oppvekstform. Den gode samhandlinga er ein føresetnad for rett og tidleg innsats.

Overordna mål

Visjonen for ein oppvekst i Giske kommune er "Det var bra eg kom" - med utgangspunkt i eleven si erfaring av å høyre til, vere i utvikling og læring og å få bidra inn i fellesskapet.

Alle barn og elevar skal erfare **omsorg, læring og utvikling** i eit **trygt og inkluderande fellesskap**, og erfare seg rusta til å bli **kompetente og ansvarlege medborgarar**. Alle val Giske kommune gjer skal vere til barn sitt beste.

Alle tilsette i barnehage, skule og PPT er involvert i kollektive kompetanseutviklingsprosessar knytt til inkluderande praksis og førebygging av utanforskap.

Alle barn og unge i Giske kommune har rett til ein trygg og god oppvekst. Omkostningane ved at nokon fell utanfor samfunnet er enorme, for den enskilde og også for familien og samfunnet. Fokus på fellesskapet, tidleg innsats og rett prioritering av ressursar er viktige delmål for å oppnå dette.

God kvalitet i barnehage og skule er forstått som ein viktig beskyttelsesfaktor. Gjennom 2025 har visjonen for ein oppvekst i Giske kommune blitt meir konkretisert i einingane, gjennom utvikling av kunnskapsgrunnlag og at alle, på tvers av fag, øver på nye og betre praksisar.

Utvalde resultat

PPT og spesial-pedagogisk team: Ventelista er avvikla, det er auka fokus på systemarbeid og allemennpedagogiske tiltak.

Barnehage har utvikla eit meir inkluderende språk- og leikemiljø.

Grunnskule har utvikla prosedyrene for å førebygge ufrivillig skolefråvær, etablert nærværsteam med tiltak i alle skulane.

Det er rekruttert og utvikla eit forsterka fagmiljø for barn med omfattande tilretteleggingsbehov gjennom etablering av Basen.

I arbeidet med å utvikle eit meir aktivt, praktisk og variert opplæringstilbod er det etablert Naustgruppe knytt til alternativ opplæringsarena.

Eit viktig resultat er også etableringa av skulebibliotekordninga, lyset er på i alle skulebiblioteka våre og bøkene er snart ferdig registrert i nytt digitalt system.

Viktige hendingar

Barnehage

Språkleg inkludering - effekten av ein prioritert språkressurs

Kollektiv kompetanseutvikling

Grunnskule

Kollektiv kompetanseutvikling

Basen oppretta som fagleg forsterka avdeling ved Valderøy barneskule

Naustet som alternativ opplæringsarena

Kvar dag gjeld -om oppretting av skulemiljøteam

Skulebibliotek

PPT

Status økonomi per teneste

Beløp i 1000

Teneste	Rekneskap 2024	Opph. bud. 2025	Revidert budsjett 2025	Rekneskap 2025	Avvik i kr
			Rev. bud.	Rekneskap	
BARNEHAGE	94 230	103 431	103 847	104 465	-618
STYRKA TILBOD TIL FØRSKOLEBARN	10 983	9 614	9 746	9 948	-202
GRUNNSKOLE	137 743	142 596	141 594	145 699	-4 105
PEDAGOGISK RETTLEIINGSTENESTE	1 504	1 969	1 969	2 238	-269
Valderøy Barneskule BASEN	0	0	4 581	5 016	-435

VAKSENOPPLÆRING	2 190	3 677	3 677	1 957	1 720
SKOLEFRITIDSTILBOD	7 372	8 513	8 229	7 834	395
BARNEHAGELOKALER OG SKYSS	0	-500	-500	0	-500
SKOLESKYSS	2 187	2 144	2 144	2 163	-19
MOT - PROSJEKTET	188	161	167	158	9
KULTURSKULE	1 039	5	5	2	4
Sum	257 437	271 610	275 460	279 479	-4 019

Kommentar til status økonomi

Resultatet for oppvekst, samla sett, vart eit meirforbruk på 6 million.

Dei fleste einingane har drifta stramt og gjort tydeleg prioriteringar i tråd med mål og satsingar.

Meirforbruket er knytt til førskule og private barnehagar, samt grunnskule.

Vaksenopplæring og grunnskule ufordelt, drifta med mindreforbruk.

Grunnskule drifta med eit meirforbruk på 4,1 mill. Nokre av einingane drifta med store overforbruk, medan andre einingar drifta med mindreforbruk. Det er bruk for å utvikle ein oppdatert og kunnskapsforankra fordelingsnøkkel.

SFO drifta med eit mindreforbruk på knapt 300 000,-. Tenesta vart styrka gjennom både lokale og nasjonale tiltak. Ny kommunal forskrift for SFO opnar for samla ferietilbod for alle SFO-barn på Valderøy barneskule. Det er gode tilbakemeldingar på tiltaket.

PPT drifta med eit kunstig mindreforbruk på 5,2 mill. Eininga hadde, etter ny organisering, fått med 4 million for mykje i sitt budsjett. Desse pengane høyrde til utgiftssdekning for vedtak om individuelle spesial-pedagogiske tiltak/assistanse ved varig nedsett funksjonsevne i private barnehagar.

Førskule og private barnehagar har vore utfordrande å budsjettere. Nytt barnehage-opptak er i mars kvart år. 6 av 8 barnehagar er private og så lenge det er ledig kapasitet i barnehagane kan barnehagane gi barnehageplass etter opptak. Det blir også gitt plass til barn som etter alder ikkje har rett på barnehageplass.

Vigra og Giske barnehagar fekk utfordringar knytt til drift i balanse grunna redusert foreldrebetaling, i sum eit inntektstap på 450 000 for dei to barnehagane.

Vaksenopplæring Vi kjøper vaksenopplæring frå Ålesund kommune. Grunna redusert mottak av flyktningar vart denne tenesta levert med mindreforbruk på 1,7 mill.

KOSTRA Nøkkeltal

	Giske 2022	Giske 2023	Giske 2024	Giske 2025	Kostragruppe 01
- Prioritet	-	-	-	-	-
➤ Netto driftsutgifter per innbygger 1-5 år i kroner, barnehager **) i	164 091	205 504	217 179	232 471	247 688
- Produktivitet	-	-	-	-	-
➤ Korrigerte brutto driftsutgifter f201 per korrigert oppholdstime i kommunale barnehager (kr) (B) i	75,8	79,3	77,8	84,3	83,6
➤ Korrigerte brutto driftsutgifter til grunnskole (202), per elev i	106 873,0	119 055,4	123 764,3	132 316,1	143 432,2
➤ Korrigerte brutto driftsutgifter til skolefritidstilbud (215), per komm. bruker i	42 317	41 065	36 680	34 909	36 839
➤ Korrigerte brutto driftsutgifter til grunnskole, skolelokaler og skoleskyss (202, 222, 223), per elev i	130 912	145 379	147 236	160 283	175 410
➤ Årstimer til spesialundervisning per elev med spesialundervisning (antall) i	141,1	152,2	152,0	155,2	144,2
- Dekningsgrad	-	-	-	-	-
➤ Andel barn 0 år med barnehageplass i forhold til innbyggere 0 år (B) i	12,8 %	12,6 %	21,3 %	17,5 %	6,7 %
➤ Andel barn 1-5 år med barnehageplass (B) i	94,2 %	96,6 %	99,2 %	98,4 %	94,7 %
➤ Andel elever i grunnskolen som får spesialundervisning i	10,8 %	8,8 %	7,6 %	8,3 %	9,0 %
➤ Andel innbyggere 6-9 år i kommunal og privat SFO i	49,5 %	53,8 %	67,2 %	66,9 %	70,3 %

**) Justert for utgiftsbehov

Giske kommune har kostnadseffektiv barnehagedrift i dei kommunale barnehagane, noko som redusererer dei totale barnehagekostnadane. Styrking med språkressurs i dei kommunale barnehagane har auka kostnadane, men ein ligg framleis godt under snittet i Kostra gr 1.

For grunnskule ligg prioriteten 11,8 million under snittet i kontragruppe 1. Kostra tek imidlertid ikkje høgde for utrekna utgiftsbehov i inntektssystemet eller kommunen inntektsnivå), når desse faktorane vert tekne hensyn til ligg kommunen over

landsgjennomsnittet. Det er utfordrande å redusere drift slik ein hensyntek kommunen sin økonomiske situasjon, utan å endre struktur.

Status økonomiplantiltak

Rammeendringar i økonomiplanen

Beløp i 1000

Tiltak	Ramme år 1	Status	Beskriving
Nye tiltak	3 900		
Ramme 5 oppvekst - Nasjonal lesestrategi, skulebibliotekar	400	Ferdig	Skulebibliotekar er tilsett i kultur og finansiert gjennom omsøkte tilskot frå UDIR, på grunnlag av prioritet i budsjett 2025.
Ramme 5 Oppvekst Base/avdeling grunnskule 1-10	500	Ferdig	Systematisk arbeid med dette gjennom skuleåret. Tilsetting av avdelingsleiar er gjort og den tilsette har starta med arbeidet. Tilsett i 100 % frå 1. juni.
Ramme 5 Vaksenopplæring auka budsjett	3 000	Ferdig	Vaksenopplæring blir kjøpt av Ålesund kommune, driftar per 2. tertial i med mindreforbruk.
Politisk vedtak	1 500		
k.styret: Finansiering av støtte til frivillighet som har auka ramme 1	-500	Ferdig	Oppvekstbudsjettet er redusert tilsvarande vedtaket.
k.styret: auke rammetilskot jfr budsjettforlik stortinget, til bemannin SFO	1 000	Ferdig	På same tid som SFO skal vere drifta som sjølvkost, er tenestene styrka med høgare budsjett enn kontratala legg til grunn. Det er eit ønske å omfordele noko av denne tenesta til grunnskule.
k.styret budsjettforlik stortinget auke bemanning barnehage	1 000	Ferdig	Giske og Vigra barnehage blir styrka med 500 000 kvar, gjennom budsjettfordeling. Beløpet ligg i ramma.
Sum tiltak	5 400		

Sjukefråvær

Fråvær	Korttid	Langtid	Samla fråvær
Årleg sjukefråvær 2024	1,70 %	5,79 %	7,49 %
Årleg sjukefråvær 2025	1,26 %	6,86 %	8,11 %

BARN, FAMILIE, HELSE

Beskriving av tenesteområde

Ramme 6 omfattar eining Barn, familie og helse. Eininga har følgjande tenester: legeteneste, kvardagsrehabilitering, velferdsteknologi, fysio/ergo, logoped, psykisk helseteam barn og unge, barnevernsteneste, hjelpemiddel, helsestasjon og skulehelseteneste, jordmorteneste, flyktningteneste og introduksjonsprogram.

Oppvekstreforma/barneverns-reforma vart gjeldande frå 1.1.2022. Med den nye reforma følgjer oppgåver til barnevernstenesta med nytt ansvar for institusjon og fosterheim. Ut over det ligg reforma til heile organisasjonen å følgje opp arbeid knytt til samhandling, førebyggjande arbeid og tidleg innsats. Det krev mellom anna tett samarbeid mellom ei rekke tenester. Det ligg ikkje ytlebare styrking i budsjettet til oppfølging av oppvekstreforma. Statistikk frå SSB viser at 28% av innbyggjarane i Giske kommune er mellom 0-20 år. Denne veksten påverkar tenestene i eininga i stor grad. Tverrfagleg samarbeid er vektlagt. Det er framleis nasjonal satsing på helsestasjon, skulehelseteneste og jordmorteneste. Kommunen søkjer tilskot hjå Helsedirektoratet for å styrkje bemanninga i desse tenestene for å møte oppgåvene som er lagt til kommunen.

Psykisk helse og rus er også ei nasjonal satsing. Kommunen vart tildelt midlar frå Statsforvaltar til styrking av rusarbeid knytt til barn og unge. Vidare er satsing og fokus på kvardagsrehabilitering og velferdsteknologi stor. Frå 2020 vart velferdsteknologi integrert i helse- og omsorgstenestene. Giske kommune har hatt stort fokus på dette sidan 2015 og har kome langt i arbeidet. Giske kommune deltek i interkommunalt samarbeid og kjøper tenester hjå andre kommunar knytt til legevakt natt, øyeblikkeleg hjelp døgntilbod (ØHD), barnevernvakt, krisesenter, overgrepsmottak.

Betre tverrfagleg samarbeid (BTS) er ei stor og viktig satsing i kommunen. For å lukkast må arbeidet prioriterast i heile organisasjonen. Arbeidet vert leia av leiar i avdeling for samhandling og koordinering, i tett samarbeid med oppvekst, helse, omsorg, sosial og kultur.

Helsestasjonen:

Tenesta hadde meir stabil drift i 2025 på grunn av redusert sjukefråvær og god rekruttering. Ein har greidd å stabilisere tenesta slik at alle skular og barnehagar no har eit forsvarleg tilbod. Drifta er sårbar ved sjukdom og vakansar, helsestasjonen har mange oppgåver dei skal løyse med knappe ressursar. Ein har god dekning på jordmor-tenesta med 140% stillingsressurs fordelt på 2 jordmødrer. 105 born vart fødde i Giske i 2025. Helsestasjonen tilbyr fleire foreldrerettleiingsprogram, også i samarbeid med andre tenester i eininga. Rekruttering av gruppetilbod til småbarnsforeldre fungerer godt då målgruppa gjerne er i permisjon. For familiar der permisjonstida er over, ser ein det er utfordrande å rekruttere sjølv om tilbodet er attraktivt.

Førebyggjande arbeid, helse- og sosial:

Krisesentertilbodet er organisert som eit interkommunalt tilbod drifta av Ålesund kommune. Tilbodet får gode tilbakemeldingar frå tenestene.

Diagnose og behandling:

Drift av legekantoret vart organisert som eiga avdeling i kommunen f.o.m. 1. oktober 2025. Det vart inngått ny økonomisk avtale med fastlegane. Avtalen går ut over gjeldande avtale i fastlegeordninga, som seier at fastlegen som privat næringsdrift, har økonomisk ansvar for eiga drift. Kommunen har inngått ein såkalla 8.2 avtale, der kommunen tar ansvar for drift av legesenteret, mot at fastlegane betaler leige til kommunen. Tiltaket er naudsynt for å kunne vere konkurransedyktig i høve omkringliggjande kommunar. Kommunen har hatt utfordringar med å rekruttere fastlegar i 2025 og kjøp av vikarbyrå har i periodar vore naudsynt.

Fysio-/ ergoterapitenesta:

Det har vore utfordrande å rekruttere til stillinga koordinator for velferdsteknologi, men lukkast med tilsetting i 50% stilling på slutten av året. Ein har også hatt vakant 50% stilling som ergoterapeut store deler av året. Ein av dei privatpraktiserande fysioterapi-heimlane vart sagt opp i 2025 og kommunen lyste ut to 50% driftstilskot. 2 nye privatpraktiserande fysioterapeutar har etablert seg i kommunen og gir eit viktig tilskot til fysioterapitenester til innbyggjarane. Kommunen fekk i 2025 tilskot til oppstart av "Sterk og Stødig". Omlag 130 pensjonistar har nytta seg av tiltaket ved utgangen av 2025 og omlag 15 frivillige har blitt instruktørar.

Tenesta har 3,5 stillingar stillingar som fysioterapeutar, inkl. stillinga som avdelingsleiar. Fokuset siste året har vore førebygging av fall. Lårhalsbrot kostar både samfunnet og den enkelte, eitt lårhalsbrot er berekna til å koste samfunnet omlag kr 750 000 der kommunen sitt bidrag er vesentleg.

Ergoterapeut tilbyr Skrivedans for alle 6- åringar i kommunen. Erfaringane viser at dette fører til bedre kartlegging av behov og oppfølging i overgang til skule.

Tenester:

Fysioterapi: 253

Ergoterapi: 135

Kvardagsrehabilitering :73

Balansegruppe: 2 grupper gjennomført i 2025, 1 vår og 1 haust: 32

Fallførebyggjande gruppe: 2 grupper gjennomført 8 deltakarar

Sterk og stødig: 7 grupper - 100 deltakarar

Skrivedans gjennomført i 8 barnehagar: 115 barn

Aktivitetsgruppe på Basen: 1 gruppe 3-5

Velferdsteknologi: 456 tenester og 150 brukarar

Trygghetsalarmar:157

Bekey, digital dørlås heime hjå brukar :135

Fallalarm: 13

Midlertidige hjelpemidler utlevert: 107 66

Hjelpemidler utlevert frå NAV: 922

Ifølge statistikk frå NAV har 1020 bruker hatt hjelpemidlar i 2025 det svarer til 11,6 % av innbyggjarane i Giske kommune.

Psykisk helsevern: Psykisk helseteam for barn, unge og familiar

2 faste stillingar, psykolog og familieterapeut + 1 prosjektstilling som familierettleiar.

Tal brukarar : 140



Nye henvisningar: 95

I periodar med stor pågang kan ventetida bli lenger enn ønska, men det blir gjort prioriteringar utifrå hastegrad. Tenesta har som mål å gi ein førstegongssamtale til alle som tar kontakt innan 3 veker. I periodar med stor pågang har ein ikkje greidd å halde den interne fristen, men vurderer at ein likevel greier å levere fagleg forsvarlege tenester. Alvorlege og meir akutte saker skal vurderast og følgjast opp av fastlege og spesialisthelsetenesta. I tillegg til den individuelle oppfølginga av familien/ungdommen, blir mykje ressursar brukt til veiledning av andre tenester og tverrfaglege samarbeidsmøter. Tenesta samarbeider godt med psykisk helseteam for vaksne for å sikre overgangar mellom tenestene, samt fagleg utvikling.

Oversikt over alder og kjønn: (tala omfattar ikkje heile brukartalet i 2025, men gir eit representativt bilete av brukargruppa).

Klienter pr. Aldergruppe og Kjønn	Column Labels	
Row Labels	Kvinne	Mann
0-5 år	1	3
6-12 år	23	27
13-15 år	23	7
16-18 år	11	7

Row Labels	Antall pr. Alder
3	2
4	1
5	1
6	4
7	2
8	7
9	6
10	14
11	10
12	7
13	4
14	12
15	14
16	7
17	11
Grand Total	102



Når det gjeld årsak til kontakt ser vi at det i hovudtrekk handlar om engstelegheit, nedstemtheit, nevroutviklingsforstyrrelsar, vanskar på skulen (skulefråver, sosiale vanskar, åtferd m.m), belastande hendingar eller foreldre som ber om rettleiing kring emosjonsregulering. Tenesta har også gjennomført ulike foreldreveiledningsgrupper, som til dømes 2 rundar med kurs til tenåringsforeldre (Tuning In to Teens) som tenesta har fått gode tilbakemeldingar på. Ein erfarer at gruppetilbod som blir gjennomført i arbeidstida til tilsette, kan det vere svært vanskeleg å rekruttere deltakarar til. Sjølv om fleire foreldre seier dei kan tenke seg tilbodet, er det vanskeleg å skulle ta seg fri frå arbeid for å delta.

Sosial rådgjeving og veiledning:

kontrollar av alkoholsal- og skjenking, samt tobakkssal i butikk. Kontrollane vert utført av Securitas og alle rapportane i 2025 var utan merknadar.

Flyktningtenesta:

Mottak av flyktningar i 2025: 22 + 8 på familiegjenforeining.

Kvinner:11

Menn:5

Barn under 18 år:14

Voksne 18- 55:13

Voksne 56+:2

Utflytta:18

Gjennomført introduksjonskurs:13

Tal personar som er i arbeid etter introduksjonskurs: 11 personar i jobb.

Bustadar: Få kommunale bustadar tilgjengeleg, men ein har i stor grad lukkast med å finne bustadar på den private marknaden.

Barnevernstenesta:

Tilsetting av ny barnevernsleiar i januar 2025. Siste halvedel av 2024 var stillinga som avdelingsleiar vakant, samstundes som fleire av dei tilsette med erfaring slutta. Rekruttering av tilsette og barnevernsleiar var i mål januar 2025. Tenesta har 5 saksbehandlarstillingar og 1 stilling som avdelingsleiar. Ein har no tilsette i alle stillingane og tenesta jobbar med kompetanseheving og internkontroll for å stabilisere teneste på eit forsvarleg nivå. Mål for tenesta er å bygge eigen kompetanse istaden for kjøp av eksterne tenester. Ein har hatt ein gjennomgang av økonomiske ytingar som ikkje er heimla i barnevernlova og ein har avslutta fleire av dei i løpet av året. Ein har i liten grad hatt behov for lengre plasseringar i institusjon i 2025, noko som viser igjen i eit positivt årsresultat for 2025.

Mottatt bekymringsmeldingar: 134

Henlagt etter undersøking: 55

Fristbrot på melding: 1

Fristbrot på undersøking: 5

Barn med tiltak: 73

Barn under omsorg: 3

Ettervern: 16 på ettervern, 10 ble avslutta i 2025.

Barn i institusjon: pr 31.12.25 : 3 med tilbakeføring i løpet av året. Pr. 31.12.25 ingen barn i institusjon.

Barn Giske har tilsynsansvar for: 6

Introduksjonsordninga:

Samarbeidet med Ålesund vaksenopplæring fungerer godt og alle som er i målgruppa blir så raskt som mogleg gitt tilbod om oppstart i introduksjonsordninga. Tenesta har eit tett samarbeid med NAV for å få flest mogleg, så raskt som mogleg ut i arbeid.

Overordna mål

- Rekruttere og behalde, med fokus på kompetanse og erfaring
- Forsvarleg drift av tenestene
- Redusere sjukefråvær gjennom målretta arbeid med arbeidsmiljø og tett oppfølging frå leiar
- God økonomistyring
- Fokus på satsinga innanforskap, tidleg innsats og førebyggjande arbeid i alle tenester
- Tverrfagleg samarbeid og koordinering
- Kontinuerleg forbetring

Utvalde resultat

- Rekneskap 2025: Samla mindreforbruk i eininga med kr 8,9 mill.
- Lavt sjukefråvær gjennom heile året.
- Stabil drift i tenestene gir kontinuitet og styrkja tenester.
- Barnevernstenesta, har rekruttert avd.leiar og alle stillingane er bemanna.
- Etablering av inkluderingsteam ilag med oppvekst og andre aktuelle tenester
- Betre tverrfagleg samhandling. Auka fokus og forankring om arbeidet. Innanforskap.
- Auka fokus på folkehelsearbeid og førebyggjande arbeid. Samarbeid mellom helse, omsorg og oppvekst.
- Styrka samarbeid mellom sektorar og tenester i kommunen, god oppvekst styringsgruppe og oppvekstforum.

Viktige hendingar

- Giske kommune tok over drift av Giske legesenter AS frå 1.okt 2025
- Full bemanning i barnevernstenesta frå februar 2025
- Sterk og stødig, etablert grupper på alle øyane. Opplært instruktørar/innbyggjarar som driv gruppene.
- Etablert tverrfagleg innsatsteam. Stilling via tilskot frå statsforvaltar.

Status økonomi per teneste

Beløp i 1000

Teneste	Rekneskap 2024	Opph. bud. 2025	Revidert budsjett 2025	Rekneskap 2025	
			Rev. bud.	Rekneskap	Avvik i kr
SAKSBEHANDLING - FELLES	151	0	0	15	-15
GRUNNSKOLE	4 430	0	0	92	-92
VAKSENOPPLÆRING	47	0	0	32	-32
FØREBYGGING HELSESTASJONS- OG SKULEHELSETENESTE	7 215	7 146	7 277	8 503	-1 226
FOREBYGGGANDE ARBEID, HELSE- OG SOSIAL	947	915	915	745	170

AKTIVISERING AV ELDRE OG FUNKSJONSHEMMA	1 603	0	0	42	-42
DIAGNOSE OG BEHANDLING	16 225	18 054	18 068	17 870	198
FYSIO-/ERGOTERAPITENESTE	6 640	7 536	7 640	7 069	571
PSYKISK HELSEVERN	742	2 220	2 236	1 262	974
SOSIAL RÅDGJEVING OG VEILEDNING	-136	-122	-122	-223	101
FLYKTNINGKONTOR	2 488	3 211	2 911	1 692	1 219
BARNEVERNTENESTE	8 150	7 680	7 766	7 901	-135
BARNEVERNTILTAK I FAMILIEN	3 020	3 044	3 044	1 532	1 512
BARNEVERNTILTAK UTANFOR FAMILIEN	7 641	7 494	7 494	4 278	3 216
HEIMETENESTE - AMBULERANDE VERKSEMD	2 803	-42	-34	10	-44
INTRODUKSJONSORDNINGEN	3 719	4 564	4 564	1 963	2 601
Sum	65 719	61 699	61 759	52 782	8 977

Kommentar til status økonomi

Rekneskap for 2025 viser at eining barn, familie og helse har eit mindreforbruk med kr 8,98 mill.

Årsak til mindreforbruket i eininga er knytt til mindreforbruk i flyktingtenesta med kr 1,2 mill og mindreforbruk i introduksjonsordninga med kr 2,6 mill. Barnevernstenesta hadde eit samla mindreforbruk kr 4,6 mill. Psykisk helseteam barn og unge hadde eit mindreforbruk på om lag kr 1 mill på grunn av permisjonar og vakansar gjennom året. Fysio/ergo hadde også eit mindreforbruk, med kr 600 000. Helsestasjon, skulehelseteneste og jordmortenesta hadde eit meirforbruk kr 1,2 mill grunna mindre tilskot frå Helsedirektoratet med kr 200 000, mindre sjukeløns-refusjon og lågare budsjetttert løn. Legetenesta hadde eit mindreforbruk kr 200 000.

Barnevernstenesta har eit mål om å bygge eigen kompetanse istaden for kjøp av eksterne tenester. Ein har hatt ein gjennomgang av økonomiske ytingar som ikkje er heimla i barnevernlova og ein har avslutta fleire av dei i løpet av året. Ein har i liten grad hatt behov for lengre plasseringar i institusjon i 2025. Dette arbeidet har mellom anna gitt positivt økonomisk resultat for 2025. Det vert framover viktig at ein fortset det gode arbeidet og i tillegg bygger opp og har fokus på tenester knytt til tidleg innsats, innanforskap, inkluderande praksis, førebyggjande arbeid og folkehelse. Tett samarbeid med oppvekst og dei andre tenestene innan helse, omsorg og Nav. Denne måten å jobbe på gjer at barna vert tidleg oppdaga og får rett teneste før ting utviklar seg. Dette er i trå med nasjonale føringar og kommunen si satsing.

Utgiftene knytt til mottak av nye flyktningar har ikkje vore så store som budsjetttert og venta for 2025. Giske kommune vedtok mottak av 25 nye flyktningar i 2025. Kommunen har tatt imot 22. Men kommunen tatt imot 8 personar på gjenforeining. Kommunen får tilskot for desse. Kommunen har jobba godt med å få flyktningane i arbeid og aktivitet, dette reduserer behov for intro.stønad. Kommunen må i vidare budsjettarbeid vurdere kvar i organisasjonen kostnadane kjem knytt til nye flyktningar, t.d i helse og oppveksttenestene.

Ramme 6, flyktingtenesta, overførte i budsjettendringsak kr 300 000 til ramme 4, Nav, då oppgåver knytt til bustadformidling til flyktningar vart flytta over til Nav.

Oppsummering tiltak

- Har halde stillingar vakant i periodar og der det har vore mogleg
- Styrka det tverrfaglege samarbeidet om barn og unge.
- Fokus på tiltak knytt til tidleg innsats, førebyggjande arbeid, systemarbeid, innanforskap.

- Følgt opp tiltak i førebyggende plan.
- Etablering av inkluderingssteam i tett samarbeid med oppvekst og andre tenester til brukargruppa.
- Etablering av avdeling samhandling og koordinering i 2025 har gitt effekt i tenestene i barn, familie og helse.
- Etablering av rettleiende tildelingskriterier for helse- og omsorgstenestene.

KOSTRA Nøkkeltal

	Giske 2022	Giske 2023	Giske 2024	Giske 2025	Kostragruppe 01
- Prioritet	-	-	-	-	-
➤ Forebygging, helsestasjons- og skolehelsetjeneste netto driftsutgifter på funksjon/tjenesteområde beløp per innbygger (kr) ** ⁱ	645	887	846	1 026	1 043
➤ Netto driftsutgifter (funksjon 244, 251, 252) per barn med tiltak ⁱ	233 841	285 106	277 214	185 564	356 073
➤ Netto driftsutgifter per innbygger 0-17 år, barnevernstjenesten (B) ** ⁱ	7 890	9 897	10 950	8 496	16 398
➤ Netto driftsutgifter pr. innbygger til Kommunehelse (B) ** ⁱ	3 501	3 617	3 615	4 142	4 545
- Produktivitet	-	-	-	-	-
➤ Brutto driftsutgifter til tiltak (funksjon 251, 252) per barn med tiltak ⁱ	108 254	144 545	152 771	74 974	235 998
➤ Netto driftsutgifter (funksjon 244, 251, 252) per barn (0-24 år) med tiltak i løpet av året (B) ⁱ	2 767	3 293	3 087	3 062	4 130
- Dekningsgrad	-	-	-	-	-
➤ Hjemmebesøk nyfødte Andel barn (prosent) ⁱ	59,8 %	90,5 %	90,5 %	83,8 %	94,2 %
- Kvalitet	-	-	-	-	-
➤ Andel nyfødte med hjemmebesøk innen to uker etter hjemkomst (prosent) ⁱ	59,8 %	90,5 %	90,5 %	83,8 %	94,2 %
➤ Avtalte fysioterapeutårsverk per 10 000 innbyggere (årsverk) ⁱ	6,2	6,1	6,3	6,8	10,4
➤ Gjennomsnittlig listelengde ⁱ	813,0	765,0	785,0	789,0	845,0
➤ Hjemmebesøk av jordmor innen tre døgn etter hjemkomst Andel barn (prosent) ⁱ	58,5	67,9	70,5	83,8	62,9
➤ Stillinger med fagutdanning per 1 000 barn 0-17 år ⁱ	3,3	2,8	2,9	2,9	5,3
- Helsetilstand	-	-	-	-	-
➤ Helsetilstand - Overvekt og fedme, 17 år ⁱ	25,0	22,0	-	-	-

-	Grunnlagsdata (Nivå 3)	-	-	-	-	-
➤	Avtalte legeårsverk per 10 000 innbyggere (årsverk) ⁱ	12,9	13,8	13,7	13,6	13,3
-	Andre nøkkeltal	-	-	-	-	-
➤	Tilskudd fra IMDi (kr) ⁱ	17 044 777	26 430 583	25 410 464	26 399 966	1 352 719 391
➤	Tilskudd integrering pr innbygger (B) ⁱ	1 961	3 041	2 896	2 990	4 830

****) Justert for utgiftsbehov**
Tenestene innan barn, familie og helse ligg lågt på alle målingar. Det er særleg tenester knytt til barnevern som ligg lågt. Barnevern har hatt låge KOSTRA-tal over mange år, men 2024 vart endå lågare. Årsaka er at det er gjort eit stort arbeid i å rydde i kva som er lov-pålagte oppgåver og kva som ikkje er det og ulike tiltak som ikkje trengde vidareførast.

Sjukefråvær

Fråvær	Korttid	Langtid	Samla fråvær
Årleg sjukefråvær 2024	2,15 %	10,35 %	12,50 %
Årleg sjukefråvær 2025	0,98 %	4,16 %	5,15 %

PLEIE, OMSORG OG SOSIAL

Beskriving av tenesteområde

Tenestene innan ramme 7 vert ytt av Vigra, Giske og Godøy omsorgsdistrikt , Valderøy omsorgsdistrikt, eining Meistring og psykisk helse. I tillegg ligg eit ansvarsområde knytt til utskrivingsklare brukarar og øyeblikkelig hjelp døgntilbod (ØHD). Einingane yter tenester med heimel i helse- og omsorgstenestelova.

Giske kommune har tre omsorgssenter. Giske omsorgssenter (30 heildøgns plassar), Vigra omsorgssenter (24 heildøgns plassar) og Godøy og Alnes bukollektiv (9 heildøgns plassar). Omsorgssentra driv bukollektiv-drift med unntak av

Vigra omsorgssenter. Frå 1.1.2024 vart Vigra omsorgssenter drifta som sjukeheim med 24 plassar. Samla har kommunen 63 heildøgns plassar. 11 av desse er korttids plassar, 8 plassar ved Giske omsorgssenter og 3 ved Vigra omsorgssenter. Den største tenesta er heimebasert teneste som blir gitt både i bukollektiv og i heim til brukar. Kommunen har eige storkjøkken som leverer tenester av god kvalitet både til omsorgssenter, til eigen heim, møtemat og liknande. Giske kommune har bufellesskap til menneske med utfordringar innan psykisk helse og rus (Løkevegen, 5 heildøgns plassar), og tre bufellesskap til menneske med nedsett funksjonsevne, (Gudmundvegen, Skomakarvegen, Reset, med til saman 15 heildøgns plassar) og dagtilbod (Kingelveven) til menneske med nedsett funksjonsevne. Kommunen har dagtilbod ved Giske omsorgssenter og dagtilbod for demente ved Vigra omsorgssenter. Giske kommune har 5 plassar til avlastning til barn og unge. Giske kommune kjøpte ein bustad på Valderøya som er ombygd til ny barneavlastning, tatt i bruk desember 2025.

Strategi bu- og tenestetilbod helse og omsorg 2050, vedteke i Giske kommunestyre juni-22, vert avgjerdane for å møte veksten og nødvendig utvikling innan helse og omsorg.

Følgjande strategiar vart vedteke:

- Heilskapleg bustadpolitikk for rett teneste, meistring og trivsel
- Heilskapleg tenesteutvikling
- Samskapingskommunen Giske

Sjå strategien her: [strategi-bu-og-tenestetilbod-helse-og-omsorg-2050.pdf \(giske.kommune.no\)](https://giske.kommune.no/strategi-bu-og-tenestetilbod-helse-og-omsorg-2050.pdf).

Kommunen har jobba systematisk og målretta gjennom leanprosjektet Pleie og omsorgstenester i takt med framtida, for å operasjonalisere strategiane og iverksette tiltak. Kommunen vurderte i 2022 at dekningsgrad for heildøgn somatikk må ligge rundt 16,5%. Grunna auka tal 80 år+ er dekningsgrad i 2025 på 14%. Kommunen har 63 heildøgns plassar institusjon og bukollektiv. Kommunen har ikkje hatt venteliste på heildøgns plass i 2025. Brukarar som har behov for heildøgns plass får tilbod. Kommunen hadde ein kostnad om lag kr 230 000 i høve utskrivingsklare brukarar ved sjukehus i 2025. Innanfor budsjett. Kommunen har utarbeidd tydelege tildelingskriterier, der ein no tildeler tenester etter behov og ikkje fordi kommunen har ledig kapasitet. Likeverdig behandling av innbyggjarane har stort fokus. I leanprosjektet vert det arbeidd med områder som pasientflyt, samhandling, turnus, rekruttering, kompetanse, vaktinnleiing, organisering, arbeidsfordeling og døgnrytme. Leanprosjektet arbeider med alle tre brukargruppene, andre i hovudsak eldre, psykiatri/rus og menneske med nedsett funksjonsevne.

Giske kommune gjennomførte ei analyse/kartlegging av pleie og omsorgstenestene i januar 2022, utført av Agenda kaupang. Dette gav grunnlagsinformasjon til Strategi bu- og tenestetilbod helse og omsorg 2050. Rekneskap 2021 vart lagt til grunn. Kartlegginga har gitt kommunen god dokumentasjon som ein må nytte vidare i arbeidet for å møte framtida sine utfordringar på best mogleg måte.

Dei frie inntektene til Giske kommune er lavare enn landsgjennomsnittet, det betyr at kommunen må bruke mindre ressursar enn andre kommunar. Giske kommune har ein lavare andel innbyggjarar under 67 år og over 80 år. Behovsnøkkelen innan pleie og omsorg er lav. Behovsnøkkelen for psykisk utviklingshemma er lav, dette omhandlar innbyggjarar over 16 år med

diagnosen psykisk utviklingshemma som mottar helse- og omsorgstenester. Giske kommune har netto driftsutgifter innan pleie og omsorg som ikkje samsvarer med dei frie inntektene kommunen får. KOSTRA-nøkkeltal, viser at Giske kommune har lavare netto kostnader enn andre kommunar i KOSTRA-gruppe 1 og lavare enn snittet i Noreg. Grunna at vi er ei lavinntekstkommune, må kostnadane til kommunen vere lave. Sjå tabell under.

Telemarksforskning analyserte tal frå 2025.

Dokumentasjon av utviklingen i utgiftsutjevn. tilskudd/trekk 2024-2026 – fordelt på delkostnadsområder

Utgiftsutjevningen 2024-2026 – fordelt på delkostnadsområder. Giske kommune. Kilde: KDD/beregninger ved TF

Delkostnadsområder	Utslag fra delkostnadsnøklerne			Tillegg/trekk (omfordeling) for kommunen i 1000 kr		
	2024	2025	2026	2024	2025	2026
Barnehage	1,2038	1,1621	1,1202	17 986	15 991	13 320
Administrasjon (og landbruk fom. 2025)	1,0372	1,0818	1,0826	1 639	4 056	4 428
Landbruk	0,5681	-	-	-463	-	-
Grunnskole	1,2082	1,2017	1,2116	28 246	29 546	33 755
Pleie og omsorg	0,9073	0,9378	0,9639	-18 828	-13 904	-8 851
Kommunehelse	1,0260	1,0292	1,0318	984	1 161	1 408
Barnevern	0,8992	0,8177	0,8254	-2 310	-4 649	-5 116
Sosialtjeneste	0,6418	0,6778	0,6840	-10 748	-14 159	-16 240
Kostnadsindeks	1,0293	1,0287	1,0328	16 486	18 002	22 751
Nto.virkn. statl/priv. skoler				4 243	4 710	5 117
Sum utgiftsutjevn m.m.				20 729	22 712	27 868

Det vert viktig å arbeide vidare med strategien Heilskapleg bustadpolitikk for rett teneste, meistring og trivsel. Ny arealdel i kommuneplanen er under arbeid. I dette har kommunen gjennomført tettstadanalyse med mulighetstudie og godkjent Bustadpolitisk plan. Lokalisering vidare av omsorgssenter, omsorgsbustader og utleigebustadar vert viktig i høve både økonomi, kvalitet og rekruttering av kompetanse. Kommunen har vedteke å utarbeide plan for helse- og omsorgsbygg mot 2040, med mål om ferdigstilling i 2026.

Samfunnet står overfor store endringar og framtidsbiletet viser at dagens lokalisering, organisering og drift av tenestene ikkje vil vere berekraftig i framtida. Endringar i demografi, oppgåver, forventningar, digitalisering og teknologiske løysingar vil vere store og skje i eit raskare tempo enn tidlegare. Kommunen må ha strategiar og plan for å møte dette og vidare samla følge desse opp. Framskrivingane viser at behovet for pleie og omsorgstenester vil auke med 150% i 2050 om vi held fram med å yte tenester på same måte som i dag. Kommunen vil verken ha økonomi eller hender til å imøtekome dette. «Å vekse smartare» vil kreve ei heilskapleg tilnærming og eit tett samarbeid mellom politikk, administrasjon og kommunen sine innbyggjarar.

Tenestene vert i stor grad påverka av endringar innan spesialist-helsetenesta. Det inneber mellom anna at kommunane i større grad må ruste seg for å ha meir spesialisert kompetanse i tenestene og handtere meir lokalt og nær brukaren. Samarbeid med helseføretaket om felles tenesteutvikling vert særskild viktig. Knappeleik på personell framover gjer mellom anna at det i større grad må nyttast nye arbeidsmetodar og digitale løysingar i møte med brukarane.

Velferdsteknologi er ei nasjonal satsing og ein ser store menneskelege og økonomiske fordelar ved at det i større grad vert nytta i helsetenestene. Det er forventa at den tverrfaglege måten å jobbe på i samspel med teknologiske løysingar skal gi store positive effektar både på tenestekvalitet, effektivitet og økonomi.

I dag er 4,9% av innbyggjarane 80 år eller eldre, framskrivinga viser 8,6% i 2040 og 10,2% i 2050. Kommunen har framleis er relativt ung befolkning. Vi må vere budde på utfordringar innan denne gruppa. Framskrivinga viser at vi framover vil ha relativt store grupper i alderen 30-54 år og 74-84 år. Kartleggingar som er utført i kommunen viser at ein har særleg vekst og utfordring når det gjeld tenestetilbod til demente og til barn og unge med særlege behov.

Strategiane skal bidra til at Giske kommune når mål om å ha likeverdige og heilskaplege tenester av god kvalitet som er lett tilgjengelege for alle. Kommunen skal ha helsefremjande, trygge og gode oppvekstvilkår for barn og unge, og vere eit aldersvenleg samfunn der den einskilde har ein meningsfull og helsefremjande kvardag, høg grad av sjølvstende og moglegheit for deltaking i samfunnet. Kommunen må vere i stand til å levere gode og målretta tenester innan tilgjengelege rammer, samtidig tilpasse kommunen sine utgifter til eit berekraftig nivå. Strategiane skal bidra til at det vert skapt bevisstheit rundt den positive helseeffekten som ligg i deltaking, aktivitet og meistring.

Kommunen må auke bruk av tiltak med helsefremjande effekt, slik at kommunen kan bidra til innbyggjarane sin livskvalitet og helse lengst mogleg. Strategiane skal også skape bevisstheit rundt at helse- og omsorgstenestene i ulik grad grip inn i tenestemottakar sitt liv, og viktigheita av å gi tenester på rett nivå for å oppretthalde funksjonar og ikkje redusere dei. FN sine berekraftsmål skal følgje oss i alt vi gjer.

Giske kommune er i stor omstilling knytt til tenestene innan pleie og omsorg. Leanprosjektet *Pleie og omsorgstenester i takt med framtida* har pågått sidan mai-22, gjennom heile 2023, 2024, 2025 og vil fortsetje i 2026. Det er gjennomført store omstillingar innan brukargruppa andre i hovudsak eldre og psykiatri/rus. Bufellesskap for psykiatri og rus har no ei dekningsgrad med 5 senger, ein reduksjon frå 10 senger i 2023. Vidare er det etablert ambulant team psykiatri/rus som fram til no har følgd opp om lag 70 brukarar. I 2025 er det arbeidd vidare med brukargruppa menneske med nedsett funksjonsevne, nye vedtak, nye turnusar, etablering av ambulant team, tildelingskriterier, innhald dagtilbod og innsatspyramide.


Ramme 7 hadde til saman driftstiltak på kr 5,5 mill i 2025. Pleie og omsorg har gjennom 2023, 2024 og 2025 hatt til saman 42 mill i kutt-tiltak. Rekneskapstal for 2025 var lågare enn rekneskapstal for 2022, kr 200 mill. Nødvendig omstilling som ligg i driftstiltaka vert svært krevjande å gjennomføre. Mange har vore involvert, både leiarar på alle nivå, tillitsvalde, tilsette og stab. Omstillinga fordrar også eit omfattande haldnings- og kulturarbeid og tett samarbeid mellom politikk og administrasjon. Grunna den økonomiske situasjonen i kommunen og utfordringsbilete fordrar det å omstille drifta i eit raskare tempo i tida framover.

Tabell under viser auke i tal 80 + frå 2020 til 2050.

80+ år	2020	2025	2030	2035	2040	2045	2050
 Giske	4,1%	4,9%	5,9%	7,3%	8,6%	9,4%	10,2%
 Sula	4,5%	4,6%	5,7%	6,9%	8,3%	8,8%	9,7%
 Ålesund	4,4%	4,9%	6,2%	7,5%	8,5%	9,3%	10,3%
 Ulstein	3,9%	4,9%	6,5%	7,5%	8,7%	9,8%	11,8%
 Sykkylven	4,9%	6,1%	8,6%	11,1%	12,9%	13,9%	15,4%

Innsatspyramide

Innsatspyramiden



Overordna mål

- Følgje opp og operasjonalisere Strategi bu- og tenestetilbod helse og omsorg 2050.
- Rekruttere og behalde. Fokus på rekruttere kompetanse og heve kompetanse hjå tilsette
- Kontinuerleg arbeid med arbeidsmiljø og tiltak som gir lavt sjukefråvær
- Turnusarbeid, kontinuerleg utvikle gode turnusar, i samarbeid med tillitsvalde og tilsette. Langvaktsturnus vert sett igong der ein er klar for det. Mål om at alle avdelingar har årsturnus innan 2027.
- Halde tildelt budsjetttramme, god økonomistyring
- Tverrfagleg samarbeid og koordinering
- Opne drift av ny barneavlastning
- Kontinuerleg vidareutvikle alle tenestetilbod i takt med behov og lovkrav osv.
- Utvikle tenestebeskrivingar innan pleie og omsorg.
- Følgje opp satsinga innanforskap, tidleg innsats, førebyggjande arbeid og folkehelsearbeid.
- Styrke samarbeid og samhandling med andre kommunar og Helseføretaket

Utvalde resultat

- Godt tverrfagleg samarbeid og koordinering av tenestene.
- God rekruttering og tilsetting i stillingane
- Redusert samla sjukefråvær i 2025 i ramme 7 med 1 % frå 2024.
- Flytta praktisk bistand til samfunn og avdeling reinhald
- Mindreforbruk kostnad utskrivingsklare brukarar ved sjukehus. Budsjett kr 270 000, rekneskap kr 230 000.
- Ikkje venteliste heildøgn institusjon/bukollektiv
- Rekneskap pleie og omsorg 2022: kr 200 mill, rekneskap 2025: kr 198 mill. Dette trass høg lønsvekst dei siste 3 åra.
- Samla kutt-tiltak i pleie og omsorg 2023, 2024 og 2025: kr 42 mill
- Etablering av styringsgruppe for God oppvekst og oppvekstforum. BTI-arbeid.

Viktige hendingar

- Oppstart bruk ny barneavlastning på Valderøya, desember 2025. Kommunen har auka frå 2 til 5 bustadar.
- Etablert funksjon barnekoordinator og bustadkoordinator.

- Vedtatt Bustadpolitisk plan, desember 2025.
- Turnusarbeid. Arbeid med å innføre årsturnus i alle avdelingar innan pleie og omsorg

Status økonomi per teneste

Beløp i 1000

Teneste	Rekneskap 2024	Opph. bud. 2025	Revidert budsjett 2025	Rekneskap 2025	Avvik i kr
			Rev. bud.	Rekneskap	
VAKSENOPPLÆRING	0	0	0	-12	12
FOREBYGGANDE ARBEID, HELSE- OG SOSIAL	8	0	0	3	-3
AKTIVISERING AV ELDRE OG FUNKSJONSHEMMA	5 084	5 884	5 989	5 319	671
KJØKKEN (MAT TIL HEIMEBUANDE)	1 359	1 508	1 555	1 628	-73
PSYKISK HELSEVERN	2 850	2 922	2 954	3 082	-127
SOSIAL RÅDGJEVING OG VEILEDNING	0	0	0	17	-17
TILBOD TIL PERSONAR MED RUSPROBLEM	1 842	1 860	1 891	1 924	-33
PLEIE, OMSORG, HJELP I INSTITUSJON	11 533	11 386	11 544	11 296	249
INSTITUSJONSKJØKKEN	1 588	1 016	1 024	1 647	-623
VIGRA OMSORGSSENTER - FJELLRO/NORDSTOVA	14 250	14 727	15 690	14 812	878
BUFELLESSKAP PSYKIATRI VALDERØY	0	-17	-17	0	-17
RESET BUFELLESSKAP - DRIFT	0	0	0	0	0
Løkevegen Bufellesskap Psykisk helse	11 487	10 582	10 747	11 043	-296
Avlastning	18 059	9 055	9 215	11 581	-2 366
RESET BUFELLESSKAP	11 846	13 471	13 721	12 512	1 209
Giske Omsorgssenter	30 607	31 329	31 879	32 163	-284

Godøy Bukollektiv	10 537	10 465	10 657	10 522	135
BUFELLESSKAP FUNKSJONSHEMMA	34 589	39 259	40 336	40 445	-109
Kvardagsrehabilitering og velferdsteknologi	794	594	688	1 104	-416
HEIMETENESTE - AMBULERANDE VERKSEMD	34 598	31 337	31 839	34 198	-2 360
LØKEVEGEN BUFELLESSKAP AMBULERANDE TEAM	-1 400	-1 410	-1 410	87	-1 497
BRUKARSTYRT PERSONLEG ASSISTANSE (BPA)	4 679	6 435	6 221	5 056	1 165
Sum	194 309	190 405	194 525	198 427	-3 902

Kommentar til status økonomi

Rekneskap 2025 for ramme 7, pleie og omsorg, viser eit meirforbruk på kr 3,9 mill. Dette er eit avvik på 2 % i høve tildelt budsjett.

Meirforbruket skuldast kjøp av tenester privat til ressurskrevjande brukar som kommunen ikkje hadde budsjettert for, brukarsituasjonar som trengde meir bemanning enn planlagt, periode med behov for vikarbyrå, auka arbeidsmengd og tal brukarar. Meirforbruket skuldast også for lite budsjettert kjøp av tenester øyeblikkelig hjelp døgntilbod, med kr 700 000.

Einingane har arbeidd kontinuerleg med å justere drifta etter kvart det har kome til ikkje-budsjetterte kostnader, men med full drift, stort og auka behov innan pleie og omsorg er det krevjande å finne kutt-tiltak utanom det som er planlagt.

Høgt sjukefråvær i enkelte avdelingar har ført til auka bruk av overtid. Overbelegg og kompliserte brukarsituasjonar har ført til auka behov for ekstra personell ut over normal bemanning. I tillegg har ein i enkelte tenester utfordring med å rekruttere kompetanse og generelt personell.

Kommunen ser at heimebasert teneste aukar i tal brukarar og kompleksitet. Dette er ei venta utvikling og det vil framover vere behov for å styrkje tenesta. Det same gjeld auka tal demente, som fører til stort press på heildøgns plassane ved Vigra omsorgssenter.

Giske kommune har fått ny barneavlastning, der ein har auka tal plassar frå 2 til 5. Oppstart drift desember 2025. Behovet for avlastning har auka og nytt tilbod vil førebels imøtekome dagens behov. Auka behov fører til auka behov for bemanning, noko som framover vil auke kostnadane til kommunen. Kommunen jobbar kontinuerleg med å først styrkje tenestene som ligg lavast i innsatspyramiden. Ambulerande teneste for brukargruppa menneske med funksjonsnedsetjing, dag-tilbod, privat avlastning,

støttekontakt, basen, førebyggjande tiltak vil vere tenester som er viktig å styrkje og som vil vere med å utsette behov for kommunal avlasting.

Ressurskrevjande brukarar 2025, sum refusjon frå staten: 13 personar, kr 17,7 mill.

Telemarksforsking utførte ei analyse av Giske kommune, 2025. Denne viser at pleie og omsorg, trass store kutt-tiltak, framleis har eit meirforbruk i 2024, etter normert og inntektsjustert nivå, kr 7,1 mill. Dette er ein reduksjon frå 2024 med kr 7 mill. Ein må vidare fortsette å omstille i tenestene innan pleie og omsorg.

- Rekneskap pleie og omsorg 2022: kr 200 mill, rekneskap 2025: kr 198 mill. Pleie og omsorg har eit lågare rekneskap i 2025 enn i 2022, dette trass høg lønsvekst dei siste 3 åra.
- Samla kutt-tiltak i pleie og omsorg 2023, 2024 og 2025: kr 42 mill

Tjenesteområde	Mer-/mindreforbruk 2025 (mill. kr) sammenlignet med		
	Landsgjenno m-snittet	«Normert nivå»	«Normert og inntektsjustert nivå»
Barnehage	11,9	-5,4	1,7
Administrasjon og landbruk	2,4	-2,1	1,5
Grunnskole	38,5	6,0	16,6
Pleie og omsorg	-24,2	-9,1	7,1
Kommunehelse	-3,5	-4,8	-2,0
Barnevern	-13,7	-8,6	-6,8
Sosialtjeneste	-19,3	-7,3	-4,1
Sum	-8,1	-31,3	14,0

Oppsummering tiltak

- Driftstiltaket flytte praktisk bistand frå pleie og omsorg til samfunn er gjennomført med heilårseffekt. Budsjett for inntekter og utgifter vart flytta over til ramme 9.
- Driftstiltaket etablere funksjon bustadkoordinator, er gjennomført. Budsjett for løn vart flytta over frå ramme 7 til ramme 2.
- Spart innleie ved fråvær og vakante stillingar når drifta tillet det.
- Fleksibel bruk av ressursar og kompetanse for å unngå ekstrainnleie og bruk av overtid.
Sætra næringsbygg - ombygging kontorlokale	875	0	2027	875	0
Tilbygg Alnes renseanlegg	9 694	364	2028	4 847	210
Tilrettelegging for base Valderøy barneskule	900	1 168	2026	900	1 168
Trafikktryggingstiltak	-	-	LØPANDE	650	0
Transpormidlar og maskiner til uteseksjonen	-	-	LØPANDE	1 200	0
Utstyr universell utforming	250	0	2025	250	0
Uttreden ÅRH	8 000	8 000	2026	8 000	8 000

Utvendig solskjerming Vigra omsorgssenter	188	0	2025	188	0
Utvendig vøling - Vigra omsorgssenter	1 010	0	2028	380	0
Utvikling av Gjønsund hamne- og næringsområde	37 869	18 572	2028	9 148	8 611
VA anlegg Gjønsund, prosjektering (sjølvkost)	3 000	0	2025	3 000	0
Sum				253 457	164 810

Barnebustad Grøvdalsvegen

Ikkje ferdigstilt. Leikeapparat bestilt. Investeringsstilskotet frå Husbanken er lagt inn med 60 prosent. Total rehabilitering, heis, sprinklaranlegg, ventilasjon og varme.

BILER TIL OMSORGSTENESTA

Innkjøp av minibuss til køyring av dagsenter brukarar for både Valderøy Omsorgsdistrikt og Vigra, Giske og Godøy Omsorgsdistrikt.

Brannhydrant/Brannvatn og VA anlegg Valderhaugstrand

Ferdigstilt. Ein del av vass-/avløps-utbygging Valderhaugstrand. Brannvass dekning til Losvegen.

Bytte av generator

Diverse arbeid for klargjering av leidningsnett på Alnes før skifte generator. Arbeidet er starta i 2025, men blir også arbeid som fortsetter utover i 2026. Forsinket pga. vakante stillingar på vatn-/avløps kontor som gir redusert kapasitet.

Digitalisering og ordning av papirarkiv

Digitisering av byggesak, landbruk og kart og oppmåling er nesten ferdigstilt i 2025. Ordning av papirarkiv og avlevering av arkivmateriale held fram i 2026. Avlevering vil skje etappevis.

Eigenkapitaltilskot KLP

Eigenkapitaltilskot KLP (pensjonsfond). Eigenkapitaltilskotet vart lavere enn budsjettert.

Enøktiltak rådhuset

Pågåande arbeid. Oppgradering til ledlys, varmestyring/nattsinking, EOS-overvåking. Dette tiltak er meint tilpassa eigen kapasitet og til ein kvar tid tilgang for oppgradering.

Felles teknisk utstyr

utsett

Fornyng/oppgradering VA anlegg

Løpande prosjekt over fleire år for å utbetre gamle vass- og avløpsanlegg som er utslitt. Mindreforbruk i 2025 pga. lite mannskap.

Gangv./leidn.anl. Reset

Gangveg, vass- og avløpsanlegg på Vigra frå Reset til krysset Blindheimsgarden vart ferdigstilt 2025.

Gangveg Geilevika - Teppemyra

Gangveg frå brannstasjon til Geilevika ferdigstilt 2025.

Gatelys

Løpande mindre tiltak på gatelys. I hovudsak utskifting av gatelysarmatur til LED. Forsinka. Var usikkerheit kring potensielle diverse kostnadar på gatelys med oppgradering av eksisterande master og ny målar. Bestilling av utskifting av armatur til LED blei gjort for seint og ein rakk dermed ikkje å gjennomføre det i 2025.

Gjerde ved Giske barnehage

Arbeidet er utsett til 2026.

Gjøsund - kai 57 m

Prosjektet har vore under planlegging og prosjektering i 2025. Forsinka pga. nødvendige avklaringar. Skal ut på anbod og bygging i 2026.

Gjøsund - utfylling og opparbeiding bak kai

Prosjektet var på anbod og arbeidet med utfyllinga starta så vidt opp i 2025, planlagt ferdigstilling 2026. Dette var tidlegare del av prosjekt Gjøsund - kai 57 m.

Gjøsund VA ledningsanlegg bygging (sjølvkost)

Litt midlar brukt på prosjektering i 2025. Oppstart 2026. Bygging av ny vass-/avløps trase i regulert gang/sykkelveg på Gjøsund og sjøledning.

Gjøsundet vatn- og avløps leidningsanlegg (ikkje sjølvkost)

Arbeidet med etablering av vatn-/avløpsanlegg og gangveg ved Gjøsundhamn, samt overførsel og opprydding frå Sætra-sida. Prosjektkostnader er delt mellom hamneutbygginga og sjølvkost området vatn/avløp og denne delen går på mest på sjølvkost. Som følgje av utfordringar knytt til reguleringsarbeidet og påfølgjande prosjektering, har det oppstått forseinkingar og anleggsarbeidet/graving er enno ikkje sett i gang.

Godøy gravplass utviding

Det er gjennomført utlysing av anbod med tildeling kontrakt. Arbeid med utviding av gravplassen er starta opp, forventa ferdigstilling i 2027.

Innvendig vøling fellesrom - Godøy bukollektiv

Ikkje utført. Usikkert om dette skal gjennomførast.

Innvendig vøling Vigra barnehage

Ikkje påbegynt.

Jusspimarka - opparbeiding utbyggingsområde

Utbygginga av byggefeltet Jusspimarka vart ikkje ferdigstilt i 2025, men vil ha oppstart i 2026. Prosjektet er forseinka på grunn av klager som er anka til fylkesmannen og departementet, noko som har ført til utsett oppstart.

Kjøp av grunn - uspesifisert

Kjøp av areal gangveg på Giske.

Ledningsanlegg Gjerdevegen

Anlegget vart starta hausten 2025 og deler av anlegget vart bygd før det vart stoppa av arkeologi. Anlegg fortsetter som planlagt i mars 2026 med planlagt ferdigstilling haust 2026.

LEIDN.ANL. GEILEVIKA-TEPPEMYRA

Vass- og avløpsanlegg for brannstasjonen på Godøya ned til Geilevika bygd i ny gangveg. Anlegget var ferdigstilt i 2025.

Leidningsnett og pumpestasjonar

Arbeid med overføringsanlegg og pumpestasjonar for avløp mot framtidig reinseanlegg på Gjørund. Det er bygd leidningsanlegg og pumpestasjon på Skjong og Midtre Skjong, samt pumpeleidning til Knutneset som er sett i drift i 2025. Prosjektet held fram i åra som kjem hit hovedplan.

MAKEBYTE GJØSUND NÆRINGSOMRÅDE

Kostnad med frådeling av tomt i samband med makebyte.

Mindre veganlegg

Løpande tiltak med ulike prosjekt. Møteplassar langs Ådalsvegen forsinka, må bli utført i 2026. Fortau langs Skaret forsinka. Dyrare enn først antatt. Utførast i 2026, viss det er midlar til det.

Modernisering av leidningsanlegg/lekasjered/Hovudplan

Løpande prosjekt. Bygget fleire målestasjonar for betre lekkasje og sonemåling i 2025, bl.a. tiltak for å få oversikt ned mot Gjørund hamn og mot Vigra.

Naudstraumsagregat inkl tilhenger

Må prioriterast i 2026. Aggregat til Alnes vassverk og resten til mobilt aggregat. Pga redusert bemanning vatn-/avløps kontor og vanskeleg tilgang til agregat vart dette forsinka i 2025.

Naustet - alternativ opplæringsarena

Oppføring av nybygg, alternativ opplæringsarena for skule. Under arbeid, venta ferdigstilt vår 2026. Restarbeid er enkelte endringar grunna mangelfull planlegging. Dette gjeld krav frå Arbeidstilsynet, vatn-/avløps anlegg og bygningsmessige tiltak.

NAVKONTOR

Ombygging og oppgradering grunna krav til sikkerheit for NAV lokalet. Fakturert NAV Møre og Romsdal for del av byggekostnad etter fordelingsnøkkel i driftsavtale.

Ny inngangsdør Giske omsorgssenter

Reparert, ikkje skifta. Kostnad ført på driftsrekneskap.

Ny pumpestasjon Molnes med forskyvingsleidning

Utsett til 2026 da vi ikkje har hatt kapasitet på vatn-/avløps avdeling til å prioritere dette, men må på plass i 2026.

Ny ringeklokke - Godøy skule

Prosjekt ferdigstilt i 2025. Rekneskapsført på drift.

Ny varmepumpe - Valderøy barneskule

Installasjon av ny varmepumpe og diverse ombygging. Tidlegare varmepumpe er mest sannsynleg feilkonstruert/-prosjektert. Mange forsøk på å få den til å fungere uten hell.

NY VIGRA SKULE tilbygg/påbygg

Sanering av eksisterande bygningsmasse, oppføring av nytt skulebygg og naudsynt infrastruktur. Tiltaket er i samsvar med avtalt framdrift med planlagt ferdigstilling haust 2027. Det er avtalt betalingsplan for entreprenørar som følger avtalt framdrift.

Ombygging gamle Dagry barnehage

Tilskot frå Husbanken knytt til energieffektivisering vert berre innvilga om vi sjølv investerer 50 % av totalkostnaden. Pga. kjøp av Grødalsvegen 21 vert dette ikkje realisert. Tilskot frå Husbanken er inkludert i prosjekt 3215 Grødalsvegen, barnebustad.

Omlegging tak på Rådhuset

Ikkje påbegynt.

Omstilling gjennom bruk av IKT, digitalisering og ny teknologi

Det er oppretta eit Digitalt forum som skal vurdere søknader til digitaliseringsprosjekt etter visse kriterier. Det er begrensa kva som kjem innfor regelverket om investering derfor er det brukt relativt lite pengar av budsjettet. Nokre prosjekt er også flytta inn i 2026. I 2025 er det i hovudsak brukt midlar til innkjøp av diverse utstyr til skulen sitt gamingtilbod.

Opparbeiding av næringsområde Gjørund

Opparbeiding av området på Gjørund med stein og masse inkludert slukar og drenering. Klargjering til utleige av areal.

Oppgraderer vent. anlegg Giske omsorgssenter

Utsatt til 2026. Dette er knytt til oppgradering SD anlegg (Sentral Driftsstyring) då dette er svært mangelfullt pr i dag.

Oppgradering eksisterende leidning til Vigra

Etablert nye ledningar i Røysa for å erstatte og knyte saman dagens anlegg før det blir tilknytt til dagens sjøledning mot Vigra. Ferdigstilt årsskifte 2024/2025.

Oppgradering led-lys rådhus

Dagens lysstoffrør har gått ut av produksjon. Som følge av dette har vi valt å oppgradere alle lys på rådhuset. Tiltaket vil bli videreført på alle kommunale bygg i ein langsiktig plan.

Oppgradering rom ved Vigra omsorgssenter

Løpande prosjekt med oppgradering av bad til ny standard, naudsynt oppgradering av pasientrom og anna areal. Utført i samråd med omsorg.

Oppgradering Skomakervegen bufellesskap

Oppgradering er tatt inn som årleg ramme for best mogleg tilpassing til brukarar.

Oppgradering utstyr bygg og eigedom

Årleg kostnad - vert brukt i løpet av 2025.

Pumpestasjonar oppgradering

Løpande oppgradering og fornying av pumpestasjonar for vatn og avløp rundt om i kommuna.

Renovering frittliggande omsorgsbustader Gudmundvegen, Øvstevegen og Gøymyrane

Løpande kostnad. Utsett til 2026. Midlar overførast.

Renovering Giske idrettshall

Utsett til 2026.

Sanering nedlagte anlegg

Løpande prosjekt, må rive og fjerne risikoutsette gamle anlegg som ikkje er i bruk. Lite aktivitet 2025, må overførast vidare til 2026. Forsinket pga. vakante stillingar på vatn-/avløps kontor som gir redusert kapasitet.

Sanering symjehall Godøy skule

Ikkje ferdigstilt. Pengar avsett til sanering av bygg.

Sætra næringsbygg - ombygging kontorlokale

Tiltaket vil bli oppstarta våren 2026 med mål om å ferdigstille 2026. Dette gjeld delar av lokale i 2.etg. og meint nytta av Giske hamnevesen.

Tilbygg Alnes renseanlegg

Grunnarbeid og fundament er oppstarta i 2025 og fortsetter utover vår 2026. Midlar til grunnarbeid og vidare påbygg blir overført i lag med nye midlar som er sett av i 2026. Forsinket pga. vakante stillingar på vatn-/avløp kontor som gir redusert kapasitet.

Tilrettelegging for base Valderøy barneskule

Ombygging av undervisningsareal til anna formål.

Trafikktryggingstiltak

Løpande trafikktryggingstiltak. Etablert nokre fartshumpar, som er flytta til driftsrekneskapen.

Transpormidlar og maskiner til uteseksjonen

Budsjett vart ikkje nytta i 2025, då det er behov for ein bil som kostar meir enn tildelt 2025 budsjett. Det vart difor avtalt med økonomiavdelinga å overføre midlane til 2026, slik at to år kan slåast saman og gje tilstrekkeleg budsjett til ein større varebil med naudsynt utstyr i 2026.

Utstyr universell utforming

Giske ungdomsskule har bruk for tiltak knytt til universell utforming, lyd-/lysskjerming og tilrettelegging av grupperom. Prosjektet er utsett til 2026 grunna leiarbytte hos både bestiller og utfører.

Uttreden ÅRH

Utløysingssum for uttreden av Ålesundregionens Havnevesen IKS. Nytt selskap Giske hamnevesen KF frå 2026.

Utvendig solskjerming Vigra omsorgssenter

Tiltak er forsinka og det er venta utført i 2026.

Utvendig vøling - Vigra omsorgssenter

Utsett.

Utvikling av Gjøvsund hamne- og næringsområde

Reguleringsarbeid Olmannsvika og Gjøvsundneset. Utviklingsarbeid og innkjøp av konsulentbistand og juridisk kompetanse. Reising og møteverksemd i samband med utviklingsprosjektet. Lønn til prosjektleiarar.

VA anlegg Gjøvsund, prosjektering (sjølvkost)

Arbeidet med etablering av vatn-/avløpsanlegg og gangveg ved Gjøvsundhamn, samt overførsel og opprydding frå Sætra-sida. Prosjektkostnader er delt mellom hamneutbygginga og sjølvkost området vatn/avløp og denne delen går mest på sjølvkost. Som følge av utfordringar knytt til reguleringsarbeidet og påfølgjande prosjektering, har det oppstått forseinkingar og anleggsarbeidet/graving er enno ikkje sett i gang.

Status investeringar aggregert

Beløp i 1000

Grupperingsnivå	Totalbudsjett		Budsjett for året	
	Vedteke totalt	Påløpt totalt	Rev. bud.	Rekneskap hiå.
FELLESUTGIFTER/FELLESINNTEKTER	19 329	8 977	2 649	2 298
KOMMUNE LEIING - STAB	9 540	0	1 363	0
KYRKJELEGE FØREMÅL	10 600	2 200	2 200	2 200
OPPVEKST	546	1 585	250	212
PLEIE, OMSORG OG SOSIAL	10 046	1 480	359	359
SAMFUNN (tidligere Teknisk)	1 194 822	298 727	246 637	159 740
Sum	1 244 883	312 970	253 457	164 810

Økonomirapportering drift

Totaloversikt økonomi

Beløp i 1000

	Rekneskap i fjor	Opph. bud.	Rev.bud. 2025	Rekneskap 2025	Avvik i kr
Sum generelle driftsinntekter	-667 692	-712 192	-713 044	-732 550	19 507
Motpost avskrivinger	-38 938	-39 161	-41 929	-41 912	-16
Netto finansutgifter	59 408	66 362	66 362	56 371	9 991
Sum disponeringar eller dekning av netto driftsresultat	-15 219	955	955	21 320	-20 365
Til disposisjon	-662 442	-684 035	-687 655	-696 771	9 116
POLITISK STYRING	5 333	6 578	6 578	6 587	-9
KOMMUNE LEIING - STAB	33 444	28 957	28 329	31 238	-2 909
FELLESUTGIFTER/FELLESINNTEKTER	11 044	30 297	18 440	18 126	314
DIVERSE TENESTEOMRÅDE	15 407	15 442	15 836	14 680	1 157
OPPVEKST	257 437	271 610	275 460	279 479	-4 019
BARN, FAMILIE, HELSE	65 719	61 699	61 759	52 782	8 977
PLEIE, OMSORG OG SOSIAL	194 309	190 405	194 525	198 427	-3 902
SAMFUNN (tidligere Teknisk)	73 089	74 110	81 791	88 519	-6 728
KYRKJELEGE FØREMÅL	6 164	6 410	6 410	6 410	0
SKATT, RAMMETILSKOT, FINANS	496	-1 473	-1 473	523	-1 996
Sum disponering	662 442	684 035	687 655	696 771	-9 116
Meirforbruk +/-mindreforbruk -	0	0	0	0	0

Vesentlege avvik frå kommunestyret sine premiss for bruk av bevillingane

Utgangspunktet for arbeidet med handlings- og økonomiplanen for 2025 - 2028 var å utarbeide konsekvensjustert budsjett for 2025 for kva det vil koste å drive kommunen sitt tenestetilbod med den standarden og det volumet som er etablert, og med full årseffekt av endringar og sparetiltak som vart sett i gong i løpet av 2024.

Ved utarbeiding av handlings- og økonomiplanen for 2025 - 2028 vart det tatt i bruk nytt verktøy, dette medførte nokre endringar i høve tidlegare år. Det vart tatt utgangspunkt i det som var budsjettamma i 2024, og endringar i forhold til 2024 - ramma som vart vist i Handlingsdelen. Både innsparingstiltak og der det vart løyvd midlar til tiltak i 2024 vart vidareført og ein del av totalramma. På denne måten vart innsparingstiltak frå 2024 som ikkje var gjennomført eller har hatt effekt i 2024 vidareført i handlings- og økonomiplanen.

Lønsauke for 2025 vart lagt inn i budsjettet med 3,37 prosent, noko som tilsvarer ein heilårsvekst på 4,5 prosent. Lønsauken vart lagt til ramme 3 og først fordelt på rammeområda etter lønsoppgjøret og fordelt etter faktisk auke. Lønsveksten viste seg å bli lavere enn budsjettert, og gav grunnlag for å overføre 3 mill.kr til ramme 9 samfunn til dekning av brakkeleige ved Vigra skule.

Skatteinngangen vart bedre enn forventa og skatteinngangen vart kr 9 613 803 høgre enn det som vart lagt til grunn i budsjettet.

Rammetilskotet vart kr 6 324 234 høgare enn opprinneleg budsjett. Nedgang i inntektsutjamning 2,8 mill.kr. Rammetilskotet har auka som følge av nysalderingar og tilleggsløyvingar. Av tilleggsløyvingar kom 1,7 mill.kr til frie inntekter som følge av den svake kommuneøkonomien og behov for meir robuste kommunar i møte med demografi og nye oppgåver. Videre fekk kommunen auka rammetilskot for å dekke auka pensjonskostnader som ikkje var dekt i dei ordinære bevillingane. Noko av dei ekstra midlane som kommunen har fått var øyremerkte særlege formål som:

- Bemanning i barnehagar
- Psykisk helse

Det har vore 5 budsjettendringar i løpet av året der anslaget for rammetilskot har vorte auka med kr 852 000.

Leige brakker Vigra skule var ikkje tatt høgde for i driftsbudsjettet, dette vart justert gjennom budsjettendring.

Både renteinntekter og gevinst på finansielle omløpsmiddel vart betre enn budsjettert. Dette kjem både av god avkastning på midlar til forvaltning og høgre bankinnskot og betre avkastning på desse enn forventa.

Kommunen fekk eit netto driftsresultat som vart kr 26 865 805 mot budsjettert - kr 1 171 446, noko som medførte at avsetninga til disposisjonsfond vart 19 660 109. Disposisjonsfond var budsjettert med bruk på kr 700 000 som følgjeleg vart stroke.

Investering

Investeringsbudsjettet hadde opprinneleg ei samla investeringsramme på kr 184 718 500, og ei justert ramme på kr 253 457 457. Sum investeringsramme vart kr 164 808 754.

Bruk av lån var opprinneleg budsjettert med kr 148 500 200, og justert til kr 211 789 465. Sum bruk av lån vart kr 141 542 287.

Dette vise seg nok ein gong at investeringsbudsjettet er ambisiøst og at kommunen ikkje å klare å gjennomføre alle investeringane som planlagt.

Detaljert oversyn over avvik per prosjekt ligg i kapittel innstilling til vedtak, punkt § 5-5 andre ledd, i årsrapporten.

Investeringsbudsjettet har hatt 5 budsjettendringar i løpet av året:

- Overføring av ubrukte løyvingar frå 2024 til 2025
- Budsjettendring 1. tertial:
 - Områdeplan Roald vart tatt ut
 - Nytt prosjekt Brannhydrant/Brannvatn og VA anlegg valderhaugstrand
 - Reduksjon av prosjekt Leidningsnett og pumpestasjonar
 - Mindre leidningsanlegg
- Bilar til omsorgstenesta, auke investeringsramma
- Budsjettendring desember der
 - Barnebustad Grøvdalsvegen fekk auka ramma
 - Byggteknisk tilrettelegging for basetibod fekk auka ramma
 - Omstilling gjennom bruk av IKT, digitalisering og ny teknologi fekk redusert ramma
- Nytt prosjekt: Uttreden ÅRH

Sentrale inntekter

Beløp i 1000

	Rekneskap 2024	Opph. bud. 2025	Rev.bud. 2025	Rekneskap 2025	Avvik i kr
<i>Frie disponible inntekter</i>					
Rammetilskot	-312 440	-333 575	-334 427	-340 751	6 324
Inntekt- og formuesskatt	-298 486	-326 228	-326 228	-335 848	9 620
Eigedomsskatt	-24 273	-26 881	-26 881	-24 667	-2 214
Andre generelle driftsinntekter	-32 493	-25 508	-25 508	-31 284	5 777
Sum Frie disponible inntekter	-667 692	-712 192	-713 044	-732 550	19 507

Kommunen sine frie inntekter var 733,5 mill. kr mot justert budsjett på 714,2 mill.kr. Dette er ein auke på 19,265 mill.kr i høve det justerte budsjettet.

Skatt og rammetilskott

Giske kommune fekk i 2025 kr 676 599 037 i skatt og rammetilskot gjennom inntektssystemet. Dette var kr 15 944 037 meir enn justert budsjett. Skatteinngangen for Giske kommune vart kr 9 619 803 meir enn justert budsjett.

Øvrige generelle statstilskot

Det vart utbetalt kr 5 044 927 frå Havbruksfondet. Det var budsjettert med kr 1 489 000.

Flyktningtilskott var budsjettert til kr 22 118 600, Det vart kr 24 180 753, og kr 2 062 153 høgre enn justert budsjett.

Kommunen fekk i 2025 utbetalt kr 2 058 484 i rentekompensasjon frå skulepakke, kyrkjepakke og omsorgsbustader. Dette var kr 158 488 høgre enn justert budsjett, og kjem av auken i lånerenta.

Eigedomsskatt

Eigedomsskatt vart utskrive både på verk og bruk, bustad og fritidseigedommar. Ved fastsetjing av skatteverdien for bustadeigendommar vart formuesgrunnlag frå skatteetaten nytta, medan det vart leigd takstfolk for taksering av fritidseigedommar, verk og bruk samt bustadeigendommar der formuesgrunnlag ikkje var fastsett av Skatteetaten. Satsen for eigedomsskatt var 3 ‰, Eigedomsskatten vart budsjettert med kr 26,881 mill. kr og utskriven med 24,7 mill.kr., ein nedgang i høve budsjett på 2 124 000 000. Dette viser at tiltaket som vart gjort i K.sak 120/24, den 5.12.24 der eigedomsskatten vart redusert frå 4 til 3 promille ikkje vart fullt ut finansiert.

Finansinntekter og -utgifter

Beløp i 1000

	Rekneskap 2024	Opph. bud. 2025	Rev.bud. 2025	Rekneskap 2025	Avvik i kr
<i>Finansinntekter/-utgifter</i>					
Renteinntekter	-25 215	-19 256	-19 256	-24 840	5 584
Utbytte	-107	-50	-50	-58	8
Gevinstar og tap på finansielle omløpsmiddel	-14 300	-8 500	-8 500	-16 084	7 584
Renteutgifter	52 050	51 260	51 260	51 621	-361

Avdrag på lån	46 980	42 908	42 908	45 731	-2 824
Sum Finansinntekter/-utgifter	59 408	66 362	66 362	56 371	9 991

I tabellen over er kalkulatoriske renteinntekter inkludert i renteutgiftene, medan renteutgifter er utan kalkulatoriske renter. Kalkulatoriske renter er 12 224 337 i 2025.

Ser ein vekk frå kalkulatoriske renter vart kommunen sine netto finansutgifter kr 68,4 mill. kr og var budsjettert med 78,7 mill.kr. Det vart ein gevinst på finansane på 16,1 mill.kr mot budsjettert gevinst på 8,5 mill.kr. Renteinntektene vart 12,6 mill.kr, 5,7 mill.kr over budsjett. Auken kjem av auka rentesats og større innskot enn forventa. Renteutgiftene vart om lag som budsjettert.

Endeleg utrekning av minsteavdrag viser at Giske kommune har budsjettert med 2,8 mill.kr for lite.

Finansinntekter / finansutgifter

Renter og avdrag på lån til investeringar	Rekneskap 2025	Rekneskap 2024	Regneskap 2023	Rekneskap 2022	Rekneskap 2021	Rekneskap 2020
Renter løpande lån	51 620	52 050	37 979	25 082	21 027	24 111
Avdrag løpande lån	45 731	46 980	41 165	37 790	39 442	39 084
Sum renter/avdrag	97 352	99 030	79 144	62 872	60 469	63 195

Nøkkeltal	2025	2024	2023	2022	2021	2020
Renter og avdragsutgifter i prosent av brutto driftsinntekter	10,4	11,57	9,7	7,95	7,98	9,22
Netto finansutgifter i prosent av brutto driftsinntekter	7,31	8,16	6,92	8,1	6,14	8,38

Renter og avdragsutgifter i prosent av brutto driftsinntekter viser kor stor del av brutto driftsinntekter som er bunde til betaling av rente og avdrag. Netto rente- og avdragsutgifter i prosent av brutto driftsinntekter viser ein auke frå 9,22 prosent i 2020 til 10,4 prosent i 2025.

Netto finansutgifter i prosent av brutto driftsinntekter viser kor stor del av brutto driftsinntekter som er bunde til tilbakebetaling av lån, korrigert for finansinntekter. Det har vore ein nedgang frå 8,38 prosent i 2020 til 7,31 prosent i 2025.

Avkastning av finansforvaltninga og auke i renteinntekter har stor påverknad på kor mykje av brutto dritsinntekter som er bunde til å dekkje finansutgifter.

Avkastning på kapital frå langsiktige kapitalplasseringar

Bank / forvaltar:	Marknadsverdi/saldo pr. 31.12.2025	Renter / avkastning 2025
ODIN	53 270	2 851
Sparebanken Møre	117 255	13 233
Sum:	170 525	16 084

I tidsrommet 2000 – 2025 har Giske kommune hatt ei gjennomsnittleg årleg avkastning på 9,829 million kroner per år, dvs. 235,9 million kroner over 25 år.

Disposisjonsfond drift - bundne driftsfond

Disposisjonsfond drift – bunde driftsfond	2025	2024	2023	2022	2021	2020
Disposisjonsfond – fritt	52 181	32 521	47 750	36 719	3 988	0
Disposisjonsfond – til div. tiltak	-17	-17	- 17	- 17	- 17	- 17
Bunde driftsfond	16 043	10 487	12 045	20 038	21 675	20 679

Giske kommune sitt langsiktige mål er eit disposisjonsfond på 5 - 10 prosent av driftsinntektene og ei avsetning til disposisjonsfond på 3 - 5 prosent for å oppnå eit disposisjonsfond som sikrar økonomisk berekraft, disposisjonsfondet ved utgangen av 2025 er 5,57 prosent av driftsinntektene.

Utvikling i netto driftsresultat

Beløp i 1000

	Rekneskap i fjor	Opph. bud.	Rev. bud.	Rekneskap
Bruk av avsetninger				
Bruk av bundne driftsfond	-3 489	-2 945	-2 945	-2 745
Bruk av disposisjonsfond	-15 230	-700	-700	0
Sum bruk av avsetnader	-18 719	-3 645	-3 645	-2 745
Avsetninger				
Overføring til investering	0	1 650	1 650	1 650
Avsetninger til bundne driftsfond	1 932	824	824	8 301
Avsetninger til disposisjonsfond	0	0	0	19 660
Sum avsetnader	1 932	2 474	2 474	29 611
Netto driftsresultat	16 787	1 171	1 171	-26 866
Sum driftsinntekter	-856 083	-876 093	-876 945	-936 179
Netto driftsresultat i prosent av driftsinntekter	-2,0 %	-0,1 %	-0,1 %	2,9 %

Beløp i 1000

Netto driftsresultat

	2025	2024	2023	2022	2021	2020
Netto driftsresultat i prosent av sum driftsinntekter	2,87	-2,27	0,37	4,06	4,31	-0,85

Den viktigaste indikatorn på handlingsrommet for ei kommune er netto driftsresultat. Netto driftsresultat viser resultat etter at renter, avdrag og utlån er belasta rekneskapen og er den delen av overskotet som er disponibelt som egenkapital til investeringar, avsetningar og dekning av tidlegare års underskot.

Teknisk berekningsutval anbefaler at netto driftsresultat er 1,75%. Giske kommune har som mål eit driftsresultat på minst 3 - 5% for å bygge opp disposisjonsfondet slik at kommunen kan få ein berekraftig økonomi. Giske kommune hadde nokre gode år der nivået har vore over det anbefalte nivået og klarte fram til 2023 å styrke disposisjonsfondet. I 2022 og 2023 var det historisk god skatteinnngang som gjorde at kommune fekk godt resultat. I 2024 måtte kommune bruke kr 17 891 285 av disposisjonsfondet, og fekk ein nedgang. Det gode resultatet i 2025 gir eit netto driftsresultat i prosent av driftsinntektene på 2,87 prosent. Giske sitt mål er 5 - 10% av driftsinntektene. På grunn av høg lånegjeld bør nivået vere nærare 10% for at kommunen skal ha ein robust økonomi. Det er derfor behov for å styrke disposisjonsfondet ytterlegare i åra framover.

Amortiseringa av premieavviket er no høgare enn inntektsført premieavvik, dersom ein legg till resultatet av premieavviket på 6,567 mill.kr ville Giske kommune ha eit korrigert netto driftsresultat på 33,4 mill.kr.

Auken i driftsnivået frå 2024 har vore 3,5%. Om ein samanliknar med rekneskap frå 2025 justert med konsumprisindeksen på 3,05 prosent, har driftsnivået hatt ein større auke enn konsumprisindeksen. Auken utgjør ca 2,7 million kroner.

Brutto driftsresultat (BDR)

	2025	2024	2023	2022	2021	2020
Brutto driftsresultat i prosent av sum driftsinntekter	5,7	1,66	2,45	7,1	5,3	1,90

Brutto driftsresultat viser resultat av ordinær verksemd inkludert avskrivningar. Resultatet uttrykker kommunen sin evne til å betene gjeld, finansiere investeringar og setje av midlar til fond. Brutto driftsresultat i andel av brutto driftsinntekter er på 5,7 prosent i 2025 mot 1,66 prosent i 2024.

Driftsresultat inkl. avsetning/bruk av fond

Beløp i 1000

	Rekneskap i fjor	Opph. bud.	Rev. bud.	Rekneskap	Avvik inkl. ikkje vedtatt
<i>Sum generelle driftsinntekter</i>					
Rammetilskot	-312 440	-333 575	-334 427	-340 751	6 324
Inntekt- og formuesskatt	-298 486	-326 228	-326 228	-335 848	9 620
Eigedomsskatt	-24 273	-26 881	-26 881	-24 667	-2 214
Andre generelle driftsinntekter	-32 493	-25 508	-25 508	-31 284	5 777
Sum generelle driftsinntekter	-667 692	-712 192	-713 044	-732 550	19 507
<i>Netto finansutgifter</i>					
Renteinntekter	-25 215	-19 256	-19 256	-24 854	5 599
Utbytte	-237	-50	-50	-210	160
Gevinstar og tap på finansielle omløpsmiddel	-14 300	-8 500	-8 500	-16 084	7 584
Renteutgifter	62 700	63 676	63 676	63 845	-169
Avdrag på lån	46 980	42 908	42 908	45 731	-2 824
Netto finansutgifter	69 928	78 778	78 778	68 429	10 349
Sum sentrale inntekter og finansposter	-597 763	-633 413	-634 265	-664 121	29 856
Tenesteområda - drift	614 551	634 585	635 437	637 256	-1 819

Netto driftsresultat	16 787	1 171	1 171	-26 866	28 037
Sum driftsinntekter	-856 083	-876 093	-876 945	-936 179	59 234
Driftsresultat i prosent av driftsinntekter	-2,0 %	-0,1 %	-0,1 %	2,9 %	47,3 %

Beløp i 1000

	Rekneskap i fjor	Opph. bud.	Rev. bud.	Rekneskap	Avvik inkl. ikkje vedtatt
Avsetningar til bundne driftsfond	1 932	824	824	8 301	-7 477
Avsetningar til disposisjonsfond	0	0	0	19 660	-19 660
Bruk av bundne driftsfond	0	0	0	0	0
Bruk av disposisjonsfond	-15 230	-700	-700	0	-700
Dekning av tidlegare års meirforbruk i driftsrekneskapen	0	0	0	0	0
Overføring til investering	0	1 650	1 650	1 650	0
Avsetningar til bundne driftsfond	-1 921	-819	-819	-8 291	7 472
Netto avsetninger - sentrale poster	-15 219	955	955	21 320	-20 365
Avsetninger til bundne driftsfond	1 921	819	819	8 291	-7 472
Bruk av bundne driftsfond	-3 489	-2 945	-2 945	-2 745	-200
Netto avsetninger i tenestoområda	-1 568	-2 126	-2 126	5 545	-7 672
Sum sentrale inntekter og finansposter	-16 787	-1 171	-1 171	26 866	-28 037

Totaloversikt drift - fordelt på rammeområde

Beløp i 1000

Tenestoområde	Rekneskap 2024	Opph. budsjett 2025	Revidert budsjett 2025			Rekneskap	Avvik i kr
			Utgift	Inntekt	Budsjett 2025		
POLITISK STYRING	5 333	6 578	6 982	-403	6 578	6 587	-9
KOMMUNE LEIING - STAB	33 444	28 957	30 700	-2 370	28 329	31 238	-2 909
FELLESUTGIFTER/FELLESINNTEKTER	11 044	30 297	21 797	-3 357	18 440	18 126	314
DIVERSE TENESTEOMRÅDE	15 407	15 442	17 138	-1 301	15 836	14 680	1 157

OPPVEKST	257 437	271 610	291 073	-15 613	275 460	279 479	-4 019
BARN, FAMILIE, HELSE	65 719	61 699	71 183	-9 424	61 759	52 782	8 977
PLEIE, OMSORG OG SOSIAL	194 309	190 405	225 728	-31 203	194 525	198 427	-3 902
SAMFUNN (tidligere Teknisk)	73 089	74 110	182 852	-101 061	81 791	88 519	-6 728
KYRKJELEGE FØREMÅL	6 164	6 410	6 410	0	6 410	6 410	0
SKATT, RAMMETILSKOT, FINANS	496	-1 473	640	-2 113	-1 473	523	-1 996
Totalsum	662 442	684 035	854 502	-166 847	687 655	696 771	-9 116

Detaljar kring dei enkelte rammeområda ligg under temaet Kommunen sine tenesteområde.

Det har gjennom heile året og vore arbeidd med tiltak for å ta ned drifta. Fokuset på tiltak frå økonomiplanen, samt nye tiltak har vore stort.

KOSTRA hovudtall

	Giske 2022	Giske 2023	Giske 2024	Giske 2025	Kostragruppe 01
Økonomi					
Frie inntekter i kroner per innbygger **)	63 965	65 835	67 653	74 500	75 695
Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	4,1 %	0,3 %	-1,8 %	3,0 %	1,4 %
Netto lånegjeld i kroner per innbygger	113 194	123 985	121 024	135 422	110 765
Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter	122,3 %	131,7 %	122,9 %	126,7 %	91,3 %

Personal og organisasjon

TILSETTE

I alt 677 personar var tilsett i Giske kommune ved utgangen av 2025. Av desse er 536 kvinner (422 årsverk) og 141 menn (119 årsverk). Dei 677 tilsette er fordelt på 560 årsverk. Her er det telt med både hovud- og bistillingar.

Kjelde: KS' PAI-register Tabell 1

Tilsette fordelt på sektor og kjønn

Ein tilsett kan ha fleire stillingar. I denne tabellen er det kun hovudstillingar som er med. Talet på tilsette og talet på stillingar kan vere avvikande.

	2022			2023			2024			2025		
	Kvinner	Menn	Totalt	Kvinner	Menn	Totalt	Kvinner	Menn	Totalt	Kvinner	Menn	Totalt
Totalt	510	113	623	495	120	615	505	132	637	536	141	677
Sentraladministrasjon	20	3	23	22	3	25	21	4	25	24	4	28
Oppvekst	219	44	263	221	44	265	222	55	277	231	60	291
Helse/sosial	262	44	306	241	46	287	248	45	293	270	49	319
Kultur	2	3	5	3	3	6	4	2	6	3	4	7
Teknisk	7	19	26	8	24	32	10	26	36	11	24	35

Kjelde: KS' PAI-register Tabell 5

Lærlingar

Giske kommune hadde også i 2025 eit godt samarbeid med Sunnmøre kommunale opplæringskontor. Det har vore 6 lærlingar fordelt på faga helsefagarbeidar, barne- og ungdomsarbeidar.

Heiltid

Mest mogleg heile stillingar er viktig for kontinuitet, stabilitet og samla kompetanse. Det betyr mykje for arbeidsmiljø, likestilling og kvaliteten på tenestetilbodet.

Sektor	Heltid/ deltid	Stillinger				Ansatte			
		Antall stillinger	Andel av stillinger i sektoren	Gjennomsnittlig størrelse på stilling		Andel av ansatte i sektoren	Stillingsstørrelse per ansatt	Ansatte	Årsverk
Alle	Alle	741		76%			83%	677	560
	Deltid	390	53%	54%		44%	61%	299	182
	Heltid	351	47%	100%		56%	100%	378	378
Administrasjon	Alle	32		84%			84%	32	27
	Deltid	10	31%	49%		31%	49%	10	5
	Heltid	22	69%	100%		69%	100%	22	22
Undervisning	Alle	275		78%			90%	237	213
	Deltid	126	46%	51%		31%	68%	73	49
	Heltid	149	54%	100%		69%	100%	164	164
Barnehager	Alle	52		77%			87%	46	40
	Deltid	27	52%	56%		41%	70%	19	13
	Heltid	25	48%	100%		59%	100%	27	27
Helse/pleie/omsorg	Alle	335		71%			74%	323	238
	Deltid	215	64%	55%		62%	57%	199	114
	Heltid	120	36%	100%		38%	100%	124	124
Samferdsel og teknikk	Alle	36		95%			95%	36	34
	Deltid	4	11%	59%		11%	59%	4	2
	Heltid	32	89%	100%		89%	100%	32	32
Annet	Alle	11		67%			74%	10	7
	Deltid	8	73%	55%		60%	57%	6	3
	Heltid	3	27%	100%		40%	100%	4	4

Pai-register tabell 9a per 01.12.2025

I 2024 var andelen heiltidstilsette i kommunen 54% og 56% i 2025. I helse/pleie/omsorg var det 41 % som arbeidde heiltid i 2024 og 38% i 2025. I undervisning var andelen 69 % i 2024 og det same i 2025. I barnehage var det 57 % heiltidstilsette i 2024 og 59% i 2025.

74,6 % av alle tilsette arbeidde i 75 % stilling, eller meir i 2024 og 76% i 2025

Kjelde: KS' PAI-register Tabell 9a og 10

Rekruttering

Giske kommune har som dei aller fleste kommunar store utfordringar når det gjeld å rekruttere helsepersonell, dette gjeld i særleg grad sjukepleiarar og vernepleiarar, men ein ser også auka utfordring i å rekruttere nok fagarbeidarar. Det er også vanskeleg å få tilsett tilstrekkeleg kvalifiserte personar i ledige undervisningsstillingar, det er for mange ufaglærte i oppvekstsektoren. I teknisk sektor er heller ikkje søkjarlistene lange, men der er kvalifiserte søkjarar.

Innan oppvekstsektoren er det ikkje innført ekstra rekrutteringstiltak i særleg grad. For pleie og omsorgstenestene er fleire rekrutteringstiltak sett i verk for å betre på situasjonen. Det er nytta stipendordning for sjukepleiarar og vernepleiarar, det er etablert dagstillingar innan sjukepleie, og det er gjort ein god jobb i å endre arbeidsfordelinga til sjukepleiarar, fagarbeidarar og assistentar slik at sjukepleiarar får brukt kompetansen sin hovudsakleg til reine sjukepleiefaglege oppgåver. Løn godt over tariff er også brukt som eit rekrutteringstiltak.

Organisasjon og medarbeidarar

Etikk

Giske kommune har sett etikk i system. Dei etiske retningslinjene gjeld for tilsette og politikarar og vert gjennomgått årleg i leiarsamlingar, i arbeidsfellesskapet og i rettleiing av tilsette. Etikk er på agendaen i opplæring for nye leiarar, og i alle tilsettingsprosessar. Refleksjon over etiske dilemma har vore på saklista i dei regelmessige møta mellom kommunedirektør og tillitsvalde.

Både verdidokumentet og dei etiske retningslinjene er rettesnor i møte med innbyggjarane, samarbeidspartnarar, og mellom dei tilsette. Dei skal hjelpe oss til å nytte hjartet i beslutningane våre, og i korleis vi opptrer. Giske kommune vil sikre gode tenester, etisk forsvarleg drift og samfunnsansvar. Etisk forsvarleg drift inneber å følge lover, reglar og etablerte normer, og samfunnsansvar handlar om å ta omsyn til økonomi, miljø og sosiale konsekvensar.

Giske kommune har blant anna gjennom rutiner og prosedyrer fokus på antikorrupsjonsarbeid. Økonomirutiner har fokus på delt ansvar i bestilling, fakturahandtering, begrensing i beløpsgrenser ved godkjenning.

Likestilling

Kjønnsbalansen i Giske kommune er 79 % kvinner og 21 % menn. Fordeling mellom kvinner og menn i oppvekst er 79 % kvinner og 21 % menn, i helse/pleie /omsorg er fordelinga 85 % kvinner og 15 % menn. Lønsutvikling kvinner og menn kjem fram av tabellen under.

Omsyn til likestillingslovgivinga sine krav er nedfelt i arbeidsgivarpolitiske dokument som lønspolitisk plan, prosedyre for rekruttering, handtering av mobbing og trakassering m.m. og tydeleg belyst i all leiaropplæring. Det underrepresenterte kjønn vert oppfordra til å søkje ledige stillingar, Giske kommune er som alle andre kommuner sterkt kvinnedominert. Tilrettelegging for seniorar og tilsette med funksjonsnedsettelse er tema i medarbeidar- og oppfølgingssamtaler. I helse og omsorgstenesta er uønska deltid kartlagt i samband med utarbeiding av årsturnus og langvakter. Resultatet har vore eit nyttig utgangspunkt i arbeidet med å redusere uønska deltid.

Lønsutvikling kvinner og menn

	Årsløn 2021	Årsløn 2022	Årsløn 2023	Årsløn 2024	Årsløn 2025
Kvinner	552 216	572 304	611 346	643 224	664 656
Menn	552 300	575 688	619 824	645 252	656 472

Kjelde: KS' PAI-register Tabell 1

Heiltid og deltid i Giske kommune (oppgitt i %) - andel av stillingar fordelt på sektor

		2021	2022	2023	2024	2025
Alle	Deltid	52	48	49	46	53
	Heiltid	48	52	51	54	47
Administrasjon	Deltid	55	49	44	37	31
	Heiltid	45	51	56	63	69
Undervisning	Deltid	38	33	35	31	46
	Heiltid	62	67	65	69	54
Barnehagar	Deltid	52	47	54	43	52
	Heiltid	48	53	46	57	48
Helse/pleie/omsorg	Deltid	70	67	68	59	64

	Heiltid	30	33	32	41	36
Samferdsel og teknikk	Deltid	20	19	10	15	11
	Heiltid	80	81	90	85	89

Ein tilsett kan ha fleire stillingar. dersom stillingane er i fleire sektorar vil vedkomande verte telt i kvar av sektorane.

Kjelde: KS' PAI-register Tabell 9a

Tilsette fordelt på stillingsstorleik per tilsett

		2022		2023		2024		2025	
Stillingsstorleik per tilsett	Kjønn	Tal på tilsette	Prosent	Tal på tilsette	Prosent	Tal på tilsette	Prosent	Tal på tilsette	Prosent
0 - 24,9%	Kvinner og menn	44	6,8	40	6,3	43	6,6	48	7,1
	Kvinner	35	6,7	30	5,9	30	5,8	36	6,7
	Menn	9	7,4	10	8,0	13	9,5	12	8,5
25 - 49,9%	Kvinner og menn	36	5,6	45	7,1	42	6,4	35	5,2
	Kvinner	29	5,6	38	7,5	35	6,8	30	5,6
	Menn	7	5,8	7	5,6	7	5,1	5	3,5
50 - 74,9%	Kvinner og menn	81	12,6	87	13,7	81	12,4	79	11,7
	Kvinner	70	13,4	78	15,3	72	14,0	67	12,5
	Menn	11	9,1	9	7,2	9	6,6	12	8,5
75 - 99,9%	Kvinner og menn	150	23,3	138	21,7	135	20,7	137	20,2
	Kvinner	137	26,2	124	24,3	118	22,9	118	22,0
	Menn	13	10,7	14	11,2	17	12,4	19	13,5
100%	Kvinner og menn	332	51,6	325	51,2	352	53,9	378	55,8
	Kvinner	251	48,1	240	47,1	261	50,6	285	53,2
	Menn	81	66,9	85	68,0	91	66,4	93	66,0

KS' PAI-register Tabell 10

Kommunalområdet er inndelt i fire verneområder - eit for kvar verksemd. Verneombod er på plass, og det er etablert Helse, miljø og sikkerheit, samarbeidsutval (HSU) i tråd med retningslinjene.

For å sikre godt forebyggjande arbeid og avdekke eventuelle risikoforhold er det gjennomført vernerunder i alle verneområda.

Miljø

Kommunen følgjer gjeldande krav til forsvarleg handtering av avfall, energi og ressursbruk. Det er ikkje registrert miljøavvik i løpet av året. Kommunen held fram med å overvake relevante miljøforhold og vurderer behov for tiltak dersom drifta eller regelverket endrar seg.

Sjukefråvær


Fråvær	Korttid	Langtid	Samla fråvær
Årleg sjukefråvær 2024	1,77 %	6,62 %	8,39 %
Årleg sjukefråvær 2025	1,58 %	6,31 %	7,89 %

Fråvær per tenesteområde

Tenesteområde	Fråvær 2025			Fråvær 2024		
	Korttid i %	Langtid i %	Samla fråvær i %	Korttid %	Langtid i %	Samla fråvær i %
POLITISK STYRING	0,00 %	0,00 %	0,00 %	0,00 %	0,00 %	0,00 %
KOMMUNE LEIING - STAB	1,61 %	1,30 %	2,91 %	1,31 %	0,41 %	1,73 %
FELLESUTGIFTER/FELLESINNTEKTER	1,82 %	4,45 %	6,26 %	1,91 %	1,13 %	3,05 %
DIVERSE TENESTEOMRÅDE	2,66 %	6,28 %	8,94 %	1,48 %	1,15 %	2,63 %
OPPVEKST	1,26 %	6,86 %	8,11 %	1,70 %	5,79 %	7,49 %
BARN, FAMILIE, HELSE	0,98 %	4,16 %	5,15 %	2,15 %	10,35 %	12,50 %

PLEIE, OMSORG OG SOSIAL	2,06 %	7,31 %	9,37 %	1,75 %	8,59 %	10,34 %
SAMFUNN (tidligere Teknisk)	1,61 %	4,95 %	6,56 %	2,25 %	5,97 %	8,23 %
Sum tenesteområde	1,58 %	6,31 %	7,89 %	1,77 %	6,62 %	8,39 %

Sjukefråver per eining/ansvar (graf)



Sjukefråvær per måned

Type	Område/eining	Jan	Feb	Mars	April	Mai	Juni	Juli	Aug	Sept	Okt	Nov	Des
Korttid	KOMMUNE LEIING - STAB	0,44 %	0,39 %	4,38 %	2,07 %	0,36 %	0,71 %	0 %	0,90 %	2,71 %	2,16 %	1,94 %	3,54 %
Langtid	KOMMUNE LEIING - STAB	0 %	1,56 %	1,58 %	4,22 %	3,41 %	3,11 %	0,89 %	0 %	0 %	0 %	0 %	0 %
Samla	KOMMUNE LEIING - STAB	0,44 %	1,95 %	5,96 %	6,29 %	3,77 %	3,82 %	0,89 %	0,90 %	2,71 %	2,16 %	1,94 %	3,54 %
Korttid	FELLESUTGIFTER/FELLESINNTEKTER	1,15 %	0 %	0 %	3,52 %	3,63 %	1,09 %	0 %	1,22 %	2,34 %	0 %	0,65 %	5,11 %
Langtid	FELLESUTGIFTER/FELLESINNTEKTER	0,29 %	0 %	0 %	0 %	0 %	11,40 %	7,98 %	5,98 %	4,33 %	5,37 %	5,48 %	16,98 %
Samla	FELLESUTGIFTER/FELLESINNTEKTER	1,44 %	0 %	0 %	3,52 %	3,63 %	12,49 %	7,98 %	7,20 %	6,67 %	5,37 %	6,14 %	22,09 %
Korttid	DIVERSE TENESTEOMRÅDE	7,91 %	3,91 %	0 %	2,13 %	0,71 %	3,28 %	3,75 %	1,31 %	2,23 %	3,48 %	3,54 %	1,45 %
Langtid	DIVERSE TENESTEOMRÅDE	0 %	0 %	5,58 %	10,65 %	7,81 %	12,73 %	17,24 %	17,24 %	0 %	0 %	5,31 %	6,67 %

Samla	DIVERSE TENESTEOMRÅDE	7,91 %	3,91 %	5,58 %	12,78 %	8,52 %	16,01 %	20,99 %	18,56 %	2,23 %	3,48 %	8,85 %	8,12 %
Korttid	OPPVEKST	2,49 %	1,53 %	2,01 %	0,95 %	1,16 %	0,87 %	0,53 %	0,78 %	1,30 %	1,04 %	1,18 %	1,28 %
Langtid	OPPVEKST	4,87 %	6,48 %	7,85 %	7,96 %	7,62 %	6,72 %	4,28 %	4,73 %	6,28 %	7,37 %	8,66 %	9,28 %
Samla	OPPVEKST	7,36 %	8,01 %	9,86 %	8,90 %	8,78 %	7,59 %	4,81 %	5,51 %	7,58 %	8,41 %	9,84 %	10,56 %
Korttid	BARN, FAMILIE, HELSE	1,05 %	2,11 %	0,39 %	1,57 %	0,84 %	0,06 %	0 %	0,59 %	0 %	1,53 %	4,29 %	0,24 %
Langtid	BARN, FAMILIE, HELSE	8,81 %	7,49 %	5,48 %	5,24 %	4,59 %	2,80 %	2,23 %	1,86 %	1,84 %	3,08 %	4,86 %	3,69 %
Samla	BARN, FAMILIE, HELSE	9,86 %	9,60 %	5,87 %	6,81 %	5,43 %	2,86 %	2,23 %	2,46 %	1,84 %	4,61 %	9,15 %	3,93 %
Korttid	PLEIE, OMSORG OG SOSIAL	1,67 %	2,45 %	1,66 %	2,09 %	2,20 %	1,77 %	0,72 %	2,36 %	2,65 %	1,77 %	2,45 %	2,29 %
Langtid	PLEIE, OMSORG OG SOSIAL	8,60 %	8,37 %	8,12 %	5,70 %	5,16 %	6,75 %	5,58 %	7,17 %	7,17 %	7,95 %	8,52 %	10,82 %
Samla	PLEIE, OMSORG OG SOSIAL	10,27 %	10,82 %	9,78 %	7,79 %	7,36 %	8,52 %	6,30 %	9,53 %	9,82 %	9,73 %	10,97 %	13,11 %
Korttid	SAMFUNN (tidligere Teknisk)	2,41 %	1,11 %	1,73 %	1,40 %	1,25 %	1,49 %	0,55 %	2,98 %	1,82 %	1,02 %	0,95 %	2,76 %
Langtid	SAMFUNN (tidligere Teknisk)	3,74 %	3,34 %	4,18 %	3,53 %	2,55 %	6,24 %	2,89 %	4,44 %	7,21 %	8,23 %	6,01 %	5,76 %
Samla	SAMFUNN (tidligere Teknisk)	6,14 %	4,45 %	5,91 %	4,93 %	3,80 %	7,72 %	3,44 %	7,43 %	9,03 %	9,24 %	6,96 %	8,51 %
Korttid	Sum sjukefråvær	2,05 %	1,76 %	1,83 %	1,51 %	1,48 %	1,20 %	0,56 %	1,55 %	1,82 %	1,37 %	1,83 %	1,86 %
Langtid	Sum sjukefråvær	5,90 %	6,36 %	6,92 %	6,29 %	5,72 %	6,40 %	4,49 %	5,23 %	6,03 %	6,89 %	7,56 %	8,64 %
Samla	Sum sjukefråvær	7,95 %	8,12 %	8,75 %	7,81 %	7,21 %	7,60 %	5,05 %	6,78 %	7,85 %	8,26 %	9,39 %	10,51 %

Investeringar

Investeringsrekneskap - samandrag

investeringsregnskap - samandrag

Økonomiske oversikter	Rekneskap	Reg. budsjett	Oppr.budsjett	Rekneskap
	2025	2025	2025	2024
6 Sum investeringsutgifter	164 810	253 457	184 719	110 572
14 Sum investeringsinntekter	163 160	251 807	183 069	52 282
19 Netto utgifter videreutlån	8 379	0	-	- 2 610
26 Sum overføring fra drift og netto avsetninger	10 029	-1 650	-1650	-55 679
27 Framført til inndekking i seinare år (udekka beløp)		-	-	

Lånegjeld, renter og avdrag

	2025	2024	2023	2022	2021	2020
Langsiktig lånegjeld(1.000kr)	1 302 114	1 192 323	1 234 382	1 187 692	1 130 630	1 049 528
Langsiktig lånegjeld, kroner per innbyggjar *)	138 099	127 175	133 780	128 950	123 931	123 372
Lånegjeld i % av brutto driftsinntekter	130,22	130,33	142,21	139,5	139,04	150,59

*) Basert på innbyggartal pr. 31.12.2025: 8 828 innb.

Langsiktig lånegjeld eigne lån var kr 1 219 137 205, formidlingslån var kr 82 977 325 per 31.12.2025.

Ubrukte lånemidlar eigne lån pr. 31.12.2025 var kr 47 537 063, og Startlån kr 9 227 571.

Langsiktig gjeld ekskl. formidlingslån har i 2025 hatt ein auke på 103,4 million kroner. Langsiktig gjeld formidlingslån har i 2025 auka med 6,3 million kroner. Tabellen viser at kommunen si samla lånegjeld i perioden 2020 - 2025 har auka med 124,7 million

kroner.

Av langsiktig gjeld til investeringar kan ein rekne at 294 million kroner gjeld lån innan vatn, avløp, slam og renovasjon, som restverdi pr. 31.12.25 og avskrivingsgrunnlag for VAR-området i 2025.

Riksrevisjonen definerer høg lånegjeld til 75% av driftsinntektene, KS antyder at ein gjeldsgrad på over 100% er ugunstig. Giske kommune har ein gjeldsgrad på 130 %.

Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter

Investeringsnivå og opptak av lån må rettast slik at lånegjelda ikkje er større enn at utgifter til renter og avdrag vert dekt gjennom løpande inntekter. Det er derfor viktig å ha kontroll på utviklinga av gjeldsnivået. Ein auke i lånegjelda indikerer at kommunen må bruke ein større del av inntektene til å dekkje renter og avdrag. Det historisk lave rentenivået dei siste åra har bidrege til at kommunen har unngått at renter og avdrag tek ein større del av inntektene. Dette har no snudd og eit normalt rentenivå vil auka lånegjeld få betydning for rammene til tenesteproduksjon.

Tabellen ovom viser netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter. Netto lånegjeld er definert som langsiktig gjeld (eksklusiv pensjonsforplikterler) fratrukke formidlingslån. Netto lånegjeld har passert grensa i måltalet på maks 100%.

Netto lånegjeld per innbygger

Netto lånegjeld per innbygger var i 2025 kr 138 099 mot kr 127 175 i 2024. Netto lånegjeld per innbygger har hatt ein auke på 12 prosent sidan 2020.

Status investeringsprosjekt

Andre investeringer

Beløp i 1000

Investering	Totalbudsjett		Budsjett for året		
	Vedteke totalt	Påløpt totalt	Rev. bud.	Rekneskap	Status
Barnebustad Grøvdalsvegen	16 191	15 632	3 000	2 750	Forsinket
BILER TIL OMSORGSTENESTA	359	359	359	359	Ferdig
Digitalisering og ordning av papirarkiv	9 540	764	1 363	764	Forsinket
Eigenkapitaltilskot KLP	-	-	1 650	1 535	Iht. plan
Enøktiltak rådhuset	3 529	224	370	98	Iht. plan
Felles teknisk utstyr	800	0	400	0	Ikkje vurdert
Gangveg Geilevika - Teppemyra	23 339	20 622	4 080	4 028	Ferdig
Gatelys	-	-	500	0	Forsinket
Gjerde ved Giske barnehage	375	0	375	0	Forsinket
Gjøsund - kai 57 m	41 950	0	16 000	0	Iht. plan
Gjøsund - utfylling og opparbeiding bak kai	0	443	0	443	Iht. plan
Gjøsundet vatn- og avløps leidninganlegg (ikkje sjølvkost)	41 250	0	22 500	0	Forsinket
Godøy gravplass utviding	10 600	2 200	2 200	2 200	Iht. plan
Innvendig vøling fellesrom - Godøy bukollektiv	1 249	0	313	0	Forsinket
Innvendig vøling Vigra barnehage	1 643	0	438	0	Forsinket
Jusspimarka - opparbeiding utbyggingsområde	18 071	263	8 921	46	Forsinket
Kjøp av grunn - uspesifisert	6 250	43	1 250	28	Ikkje vurdert
MAKEBYTE GJØSUND NÆRINGSOMRÅDE	-	-	0	38	Ferdig
Mindre veganlegg	-	-	1 463	0	Forsinket
Naustet - alternativ opplæringsarena	2 500	2 318	2 500	2 318	Forsinket
NAVKONTOR	200	150	0	-15	Ferdig
Ny inngangsdør Giske omsorgssenter	188	0	188	0	Ferdig
Ny ringeklokke - Godøy skule	250	0	250	0	Ferdig
Ny varmepumpe - Valderøy barneskule	3 290	3 178	875	648	Ferdig
NY VIGRA SKULE tilbygg/påbygg	267 125	93 130	60 000	85 774	Iht. plan
Ombygging gamle Daggry barnehage	376	0	375	0	Ferdig

Omlegging tak på Rådhuset	1 878	0	938	0	Forsinket
Omstilling gjennom bruk av IKT, digitalisering og ny teknologi	-	-	999	212	Iht. plan
Opparbeiding av næringsområde Gjøsand	34 891	14 491	8 834	4 677	Iht. plan
Oppgraderer vent. anlegg Giske omsorgssenter	1 250	0	625	0	Iht. plan
Oppgradering led-lys rådhus	938	531	438	531	Iht. plan
Oppgradering rom ved Vigra omsorgssenter	314	150	157	150	Forsinket
Oppgradering Skomakervegen bufellesskap	2 695	465	440	0	Iht. plan
Oppgradering utleigebustadar	6 068	471	1 250	471	Ikkje vurdert
Oppgradering utstyr bygg og eigedom	-	-	315	0	Ikkje vurdert
Renovering frittliggande omsorgsbustader Gudmundvegen, Øvstevegen og Gøymyrane	12 000	356	1 250	356	Forsinket
Renovering Giske idrettshall	1 578	0	788	0	Ikkje vurdert
Sanering symjehall Godøy skule	6 118	1 080	2 740	11	Forsinket
Sætra næringsbygg - ombygging kontorlokale	875	0	875	0	Iht. plan
Tilrettelegging for base Valderøy barneskule	900	1 168	900	1 168	Ferdig
Trafikktryggingstiltak	-	-	650	0	Forsinket
